



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtedato: 06.06.2012
Møtetid: 15:00 -
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post adm@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

ordførerar/leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
034/12	12/360	Faste saker	
035/12	10/148	Reglar for dekking av tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande	
036/12	12/174	Økonomiplan 2013 - 2016	
037/12	11/80	Tilleggsøyving og budsjettendring 2011	
038/12	12/315	Samnangerheimen - finansiering av utbygging	
039/12	11/560	Sal av kommunal eigedom v/ 1000-årsstaden Ytre Tysse	
040/12	12/339	Gebyr regulativ 2012- 2015	
041/12	12/340	Utskifte av kjøretøy 2012- 2015	
042/12	12/314	Avtale om interkommunal kommune geolog	
043/12	12/341	Samarbeidsprosjekt om landbrukstenester i Fusa, Os og Samnanger	
044/12	11/313	IKT-løysingar ved kyrkjekontoret	
045/12	12/294	Lokal forskrift - vinterforskriften §18 Matrikkelforskrifta	
046/12	11/308	VA-anlegg Kvamskogen-Eikedalen - samarbeidsavtale med Kvam herad	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Godkjenning av protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 12/360	Løpenr: 12/2671
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	034/12	MS

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Godkjenning av protokoll frå førre møte • Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll (gjeld berre Kommunestyret) • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-082
Arkivsaksnr: 10/148	Løpenr: 12/2593
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	035/12	JEB

REGLAR FOR DEKKING AV TAPT ARBEIDSFORTENESTE FOR SJØLVSTENDIG NÆRINGSDRIVANDE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

Dokument som ikkje er vedlagt:

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune

Kva saka gjeld:

Formannskapet behandla 17.04.2012 sak om presisering av reglar om dekking av tapt arbeidsforteneste for folkevalde som er sjølvstendig næringsdrivande. Det vart gjort følgjande vedtak:

Gjeldande reglar for tapt arbeidsforteneste skal gjelda framleis. Satsane skal vera som fastsett av kommunestyret.

Bakgrunnen for at kommuneadministrasjonen tok saka opp i formannskapet, var behov for ei presisering av korleis reglane skal tolkast/praktiserast. Ut frå ordlyden i reglane er det vanskeleg for kommuneadministrasjonen å finna ut kva godtgjersle som skal betalast ut til sjølvstendig næringsdrivande.

Sak om dekking av tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande vert no lagt fram for formannskapet på nytt. Bakgrunnen for dette er at kommuneadministrasjonen framleis har store problem med å ta stilling til innkomne krav frå folkevalde som er sjølvstendig næringsdrivande.

Kommuneadministrasjonen sitt utgangspunkt er no at punkt 6.1 i *Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune* bør endrast noko. Dersom dette skal gjerast, må saka opp i kommunestyret.

Gjeldande regelverk

Gjeldande reglar i *Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune* er som følgjer:

6. Tapt arbeidsforteneste, godtgjersle for barnepass/tilsyn eldre

Dersom det ved innsendt krav er naudsynt å godtgjera tapt arbeidsforteneste for møte i kommunale styre, råd og utval skal følgjande satsar nyttast:

- 6.1 *Inntil kr. 3.500,- pr. møte/reisedag. Summen inkluderer også evt. tapte feriepengar. Dette gjeld alt tap, også for sjølvstendige næringsdrivande. Møte som varar mindre enn 3 timar vert godtgjort med inntil kr. 1.100,-. Summen inkluderer også evt. tapte feriepengar.*
- 6.2 *For medlemmer i politiske styre, råd og utval vert det betalt godtgjersle som for legitimerte krav ved tilsyn av barn/eldre.*
- 6.3 *Dersom den folkevalde ønskjer å få dekka tapt arbeidsforteneste i samband med deltaking på kurs, møte og liknande utanom kommunen, må det søkjast (skriftleg eller munnleg) om dette på førehand. Det vert delegert til ordføraren å ta avgjerd i slike saker.*

Vurderingar og konsekvensar:

Dekking av ulegitimert tap for sjølvstendig næringsdrivande

I følgje § 41 i Kommunelova skal det fastsetjast ulike satsar for legitimert og ulegitimert tap for folkevalde. Dette er ikkje gjort i Samnanger kommune sitt noverande reglement.

Det vil ofte vera vanskeleg for ein sjølvstendig næringsdrivande å dokumentera/legitimera kor stor tapt arbeidsforteneste han/ho har i samband med eit møte. Derfor er det viktig å ha klare reglar for dekking av ulegitimert tap.

Kommuneadministrasjonen foreslår at det i kommunen sitt reglement vert fastsett egne satsar for ulegitimert tap, og at desse skal liggja litt under maksimumssatsane i noverande reglement. Dei noverande maksimumssatsane vert då maksimumssatsar for legitimert tap.

Kommuneadministrasjonen foreslår følgjande reglar for ulegitimert tap:

- Møte som varer mindre enn 3 timar vert godtgjort med kr. 1.000.
- Møte som varer frå 3 til 6 timar vert godtgjort med kr. 2.000.
- Møte som varer meir enn 6 timar vert godtgjort med kr. 3.000.
- Reisetid til/frå møte vert ikkje medrekna i møtetida.
- Møtetid etter kl. 17.00 vert ikkje godtgjort.

Det vert også foreslått at tilsvarande reglar vert brukt for ulegitimerte krav som gjeld møte i 2010 og 2011, men at godtgjersla for desse åra vert fastsett til 70% av summene ovanfor. Årsaka til dette er at maksimumssatsane for godtgjersle i kommunen sitt reglement var ca. 70% i forhold til i dag i 2010 og 2011.

Presisering av reglar for dekking av legitimert tap for sjølvstendig næringsdrivande

Kommuneadministrasjonen foreslår at det vert teke inn ei presisering i reglementet om sjølvstendig næringsdrivande ikkje kan krevja dekking av ulegitimert tap for møtetid etter kl. 17.00.

Mogleg skisse til revidert pkt. 6.1:6.1. Legitimert tap:

Inntil kr. 3.500,- pr. møte/reisedag. Summen inkluderer også evt. tapte feriepengar.

Dette gjeld alt legitimert tap, også for sjølvstendige næringsdrivande. Møte som varar mindre enn 3 timar vert godtgjort med inntil kr. 1.100,-. Summen inkluderer også evt. tapte feriepengar.

Ulegitimert tap for sjølvstendig næringsdrivande:

Gjeld sjølvstendig næringsdrivande som har hatt eit økonomisk tap, men som ikkje kan legitimera/dokumentera kor stort tapet har vore.

- Møte som varer mindre enn 3 timar vert godtgjort med kr. 1.000.
- Møte som varer frå 3 til 6 timar vert godtgjort med kr. 2.000.
- Møte som varer meir enn 6 timar vert godtgjort med kr. 3.000.
- Reisetid til/frå møte i kommunen vert ikkje medrekna i møtetida.
- Møtetid etter kl. 17.00 vert ikkje godtgjort.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-143
Arkivsaksnr: 12/174	Løpenr: 12/2621
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	036/12	TR

ØKONOMIPLAN 2013 - 2016

Dokument som er vedlagt:

Økonomiplan 2013 -2016 - kommentarer.docx

Dokument som ikkje er vedlagt:

Årsmelding 2011

Kommuneplan 2007 - 2017

Kva saka gjeld:

Kommunelova krev at kommunane skal utarbeida ein økonomiplan for minst 4 år. I Samnanger har me dei siste åra handsama økonomiplan i juni med korrigeringar i desember. Dette kjem i staden for å handsama både detaljert årsbudsjett og økonomiplan samstundes i desember.

I kommunelova § 44 står fylgjande om økonomiplan

1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.

2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.

3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.

4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.

5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.

6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.

7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.

8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.

Endret ved lover 10 jan 1997 nr. 8 (ikr. 1 mars 1997), 16 apr 1999 nr. 18 (ikr. 1 juli 1999 iflg. res. 16 apr 1999 nr. 388), 7 juli 2000 nr. 71 (ikr. 1 jan 2001 iflg. res. 7 juli 2000 nr. 730).

Formannskapet var samla i Eikedalen 15. og 16. mai for å drøfta strategiar og prioriteringar knytt til økonomiplan for dei komande fire åra. Første dag var einingsleiarane med. Rådmannen har med utgangspunkt i gjeldande økonomiplan og drøftingane på samlinga utarbeidd eit framlegg til økonomiplan.

Vurderingar og konsekvensar:

Kommunen har under arbeid eller planlegging nokre store utbyggingsprosjekt. Skule og sjukeheim er dei største. Desse tiltaka er så omfattande at det legg bindingar på ressursbruken vår i mange år framover. Det gjer at det ikkje er mogleg å ta på seg nye oppgåver, det vera seg investeringar eller drift, som absolutt ikkje er lovpålagt. Det gjer at framlegg til økonomiplan så godt som ikkje inneheld nye tiltak.

Samnanger kommune har ein god økonomisk situasjon i botn. Det gjer det mogleg å ta dei løfta som no er i gang. Men det krev at fokus er på å få dei ferdigstilt. Me kan likevel ikkje stoppa heilt opp på andre område. Eit levande samfunn krev utvikling. Ikkje alt krev mykje ressursar, men det krev gjerne omstilling og endring i måten me løyser oppgåvene på. Framlegg til økonomiplan krev ein gjennomgang av tenestene våre for at me kan verta betre og også sjå om det er teneste me gjer som ikkje trengst lenger. Driftsbudsjettet vårt er føresettt redusert i 2014 med 1 million kroner og med 2 mill kvart av åra 2015 og 2016. M.a. i årsmeldinga ser me av statistikken at det bør gå an. Me har i dag eit kostnadsnivå over dei fleste andre kommunar på svært mange område. Her legg me opp til ein gjennomgang av tenestene som i neste omgang skal danna grunnlaget for at politikarane kan fastsette nivået på tenestene.

Økonomiplanen vert lagt fram i balanse og mindreforbruk (overskot) i perioden vert sett av til disposisjonsfondet.

	2013	2014	2015	2016
Mindreforbruk	-69 748	-1 525 799	-2 519 682	-2 243 442

Behaldning på disposisjonsfondet var pr 01.01.2012 kr 875 647. Kr 2 mill er vedtatt avsett av mindreforbruk 2012 og kr 1,5 mill er disponert brukt i budsjett 2012. Udisponert disposisjonsfond pr mai 2012 er kr 1,3 mill. Det er viktig at disposisjonsfondet vert bygd opp slik at kommunen har økonomi til å ta uføresette svingingar i inntekter og utgifter.

Det er tilrådd at kommunen bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapan på minimum 3 % av driftsinntektene. I økonomiplanen er det budsjettert med 6,1 % i 2013, 4,8 % i 2014, 1,7 % i 2015 og 1,5 % siste året i økonomiplanperioden. Auka rente og avdragsutgifter på slutten av perioden er med på å redusere dette nøkkeltalet. Investeringsmoms er ei anna årsak. Til tross for at investeringsmoms vert tilbakeført til investeringsrekneskapan, tek ikkje nøkkeltalet omsyn til dette og redusert aktivitet slår negativt ut på nøkkeltalet.

Budsjettskjema 1 A - drift	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Skatt på inntekt og formue	-48 465 388	-48 465 388	-48 465 388	-48 465 389
Ordinært rammetilskot	-76 656 000	-76 906 000	-77 156 000	-77 406 000
Skatt på eidegom	-10 969 500	-12 055 000	-12 680 000	-13 180 000
Andre direkte eller indirekte skattar	-5 368 443	-5 368 443	-5 368 443	-5 368 443
Andre generelle statstilskot	-3 303 333	-3 312 333	-3 279 333	-3 279 333
Sum frie disponible inntekter	-144 762 664	-146 107 164	-146 949 164	-147 699 165
Renteinntekter og utbytte	-1 180 000	-1 180 000	-1 180 000	-1 180 000
Gevinst på finansielle instrumenter				
Renteutgifter provisjonar og andre finansutgifter	4 226 000	6 789 000	7 726 000	7 726 000
Tap på finansielle instrumenter				
Avdrag på lån	5 463 400	5 973 900	7 089 700	8 368 940
Netto finansinntekter/-utgifter	8 509 400	11 582 900	13 635 700	14 914 940
Dekning av tidl års regnsk m merforbruk				
Til bundne avsetningar	898 443	898 443	898 443	898 443
Til ubundne avsetningar	197 948	1 598 799	2 592 682	2 316 442
Bruk av tidl års regnsk m mindreforbruk				
Bruk av ubundne avsetningar				
Bruk av bundne avsetningar	-744 055	-686 886	-686 886	-686 886
Netto avsetningar	352 336	1 810 356	2 804 239	2 527 999
Overført til investeringsbudsjettet	13 155 000	5 463 000	35 000	35 000
Til fordeling drift	-122 745 928	-127 250 908	-130 474 225	-130 221 226
Sum fordelt drift	122 745 928	127 250 908	130 474 225	130 221 226
Rekneskapsmessig meirforbruk/ mindreforbruk	0	0	0	0

Budsjettskjema 1 B - drift	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brukerbetalingar	-6 909 880	-6 909 880	-6 909 880	-6 909 880
Andre salgs- og leieinntekter	-11 014 764	-11 014 764	-11 014 764	-11 014 764
Overføringer med krav til motytelse	-24 948 027	-17 256 027	-11 828 027	-12 081 027
Rammetilskudd	-76 656 000	-76 906 000	-77 156 000	-77 406 000
Andre statlige overføringer	-3 303 333	-3 312 333	-3 279 333	-3 279 333
Andre overføringer	-5 813 845	-6 813 845	-6 813 845	-6 813 845
Skatt på inntekt og formue	-48 465 388	-48 465 388	-48 465 388	-48 465 388
Eiendomsskatt	-10 969 500	-12 055 000	-12 680 000	-13 180 000

Andre direkte og indirekte skatter	-5 368 443	-5 368 443	-5 368 443	-5 368 443
SUM DRIFTSINNTEKTER (B)	-193 449 180	-188 101 680	-183 515 680	-184 518 680
Lønnsutgifter	96 113 543	95 599 993	95 605 863	95 605 863
Sosiale utgifter	26 895 501	27 222 031	27 404 341	27 404 341
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tenesteproduksjon	19 460 138	19 460 138	19 460 138	19 460 138
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm teneste produksjon	14 711 904	13 711 904	12 319 041	12 319 041
Overføringer	14 251 358	13 251 358	12 251 358	12 251 358
Avskrivninger	6 127 965	6 127 965	6 127 965	6 127 965
Fordelte utgifter	0	0	0	0
SUM DRIFTSUTGIFTER (C)	177 560 409	175 373 389	173 168 706	173 168 706
BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)	-15 888 771	-12 728 291	-10 346 974	-11 349 974
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-1 180 000	-1 180 000	-1 180 000	-1 180 000
Gevinst på finansielle instrumenter	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER (E)	-1 190 000	-1 190 000	-1 190 000	-1 190 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	4 226 000	6 789 000	7 726 000	7 726 000
Tap på finansielle instrumenter	0	0	0	0
Avdrag på lån	5 463 400	5 973 900	7 089 700	8 368 940
Utlån	10 000	10 000	10 000	10 000
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)	9 699 400	12 772 900	14 825 700	16 104 940
RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	8 509 400	11 582 900	13 635 700	14 914 940
Motpost avskrivninger	-6 127 965	-6 127 965	-6 127 965	-6 127 965
NETTO DRIFTSRESULTAT (I)	-13 507 336	-7 273 356	-2 839 239	-2 562 999
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	-744 055	-686 886	-686 886	-686 886
SUM BRUK AV AVSETNINGER (J)	-744 055	-686 886	-686 886	-686 886
Overført til investeringsregnskapet	13 155 000	5 463 000	35 000	35 000
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	197 948	1 598 799	2 592 682	2 316 442
Avsetninger til bundne fond	898 443	898 443	898 443	898 443
SUM AVSETNINGER (K)	14 251 391	7 960 242	3 526 125	3 249 885
REGNSKAPSMESSIG MER-MINDREFORBRUK (L = I+J-K)	0	0	0	0

Budsjettskjema 2 A - investering	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Investeringer i anleggsmidler	68 970 000	38 528 000	0	0
Utlån og forskutteringer	35 000	35 000	35 000	35 000
Avdrag på lån	435 000	435 000	435 000	435 000
Avsetninger	0	0	0	0
Årets finansieringsbehov	69 440 000	38 998 000	470 000	470 000
Bruk av lånemidler	-55 350 000	-16 700 000	0	0
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-500 000	-500 000	0	0
Tilskudd til investeringer	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-435000	-16 335 000	-435000	-435000
Andre inntekter	0	0	0	0
Overført fra driftsregnskapet	-13 155 000	-5 463 000	-35 000	-35 000
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	0	0	0	0
Sum finansiering	-69 440 000	-38 998 000	-470 000	-470 000
Udekket/udisponert	0	0	0	0

Budsjettskjema 2 B - investering	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-500 000	-500 000	0	0
Andre salgsinntekter	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	0	-15 900 000	0	0
Statlige overføringer	0	0	0	0
Andre overføringer	0	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0
SUM INNTEKTER (L)	-500 000	-16 400 000	0	0
Lønnsutgifter	832 603	262 927	0	0
Sosiale utgifter	117 397	37 073	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i kommunal tj.prod.	52 628 000	31 552 083	0	0
Kjøp av varer og tj som erstatter kommunal tj.prod	0	0	0	0
Overføringer	13 120 000	5 428 000	0	0
Renteutg, provisjoner og andre finansutg	2 272 000	1 247 917	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0
SUM UTGIFTER (M)	68 970 000	38 528 000	0	0
Avdragsutgifter	435 000	435 000	435 000	435 000
Utlån	0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	35 000	35 000	35 000	35 000
Dekning tidligere års udekket	0	0	0	0

12 av 69

Avsetning til ubundne investeringsfond	0	0	0	0
Avsetninger til bundne fond	0	0	0	0
SUM FINANSIERINGSTRANSAKSJONER (N)	470 000	470 000	470 000	470 000
FINANSIERINGSBEHOV (O = M+N-L)	68 940 000	22 598 000	470 000	470 000
Bruk av lån	-55 350 000	-16 700 000	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-435 000	-435 000	-435 000	-435 000
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0
Bruk av tidligere års overskudd	0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	-13 155 000	-5 463 000	-35 000	-35 000
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	0	0	0	0
SUM FINANSIERING (R)	-68 940 000	-22 598 000	-470 000	-470 000
UDEKKET/UDISPONERT (S = O-R)	0	0	0	0



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-153
Arkivsaksnr: 11/80	Løpenr: 12/2628
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	037/12	TR

TILLEGGLØYVING OG BUDSJETTENDRING 2011

Dokument som ikkje er vedlagt:

Budsjett 2012

Kva saka gjeld:

Det vert lagt fram sak om budsjettendring for ein del store avvik mellom budsjett og forventa rekneskap. Det vert i tillegg søkt om tilleggsløyving for ferdigstilling av den nye barnehagen i Nordbygda.

Som tidlegare meldt kjem me ikkje til å få inn budsjettert sum for sal av konsesjonskraft. Det er budsjettert med inntekter på 5.6 mill kroner. Forebelse prognoser viser inntekt på i underkant av 3.5 mill. I denne saka har me foreslått reduksjon på 1 mill. kroner.

Revidert nasjonalbudsjett gir Samnanger ein inntektsvekst på minst 360.000 kroner fordelt på rammetilskot og skatt.

Det er no gjennomført taksering av kraftlina Sima – Samnanger og trafostasjon i Børdal. Inntektene våre i år vert ca 560.000 kroner, av dette går rundt 60.000 kroner til takseringsarbeidet.

Me har tidlegare drøfta ei omlegging av måten med budsjetterer/finansierer pensjon på. Me gjer no framlegg om å nytta meir av premiefondet til å betala årets premie. Når me gjer det på denne måten, vil ein av effektane vera at me sparer utgifter til arbeidsgjevaravgift. Me har lagt til grunn at me bruker 1 mill. kroner av premiefondet. Med 14.2% arbeidsgjevaravgift gir det ei innsparing på vel 140.000 kroner.

14 av 69

Ombygging av Nordbygda skule til barnehage har gått fint, og barnehagen ser ut til å verta eit bygg med gode kvalitetar. I kalkylen var det føresett at eksisterande leikeapparat skulle flyttast, og det vart derfor berre sett av midlar til flytting og opparbeiding av uteplassen. Apparatet er gamle og dei er langt på veg ikkje moglege å flytta. I tillegg kjem det fleire born til, og det er trong om nytt utstyr. Me ber om tilleggsløyving på kr 150.000 til kjøp av leikeapparat.

Disposisjonsfondet er på eit minimum, jmf. også sviktande kraftinntekter. Me foreslår dekking av tilleggsløyvingane.

Samnanger kommune er saman med dei andre BIR kommune ilagt bot for å ha brote lov om offentlege innkjøp kva gjeld innsamling av boss frå kommunal verksemd. Bota er på kr 45.000. Det vert i desse dagar vurdert om vedtaket frå KOFA skal ankast, men uavhengig av det må summen innbetalast. Det er elles store kostnader knytt til advokathonorar. Dette vert førebels betalt av BIR, og vert truleg trekt av kommunen sitt evt. utbyte. Dette er noko som ein kjem attende til seinare.

Oppsummert gir det denne tabellen.

	Utgift		Inntekt	
	Auke	Reduksjon	Auke	reduksjon
konsesjonskraft				1000000
rammetilskot			360000	
eigedomsskatt			560000	
Konsulent eigedomsskatt	60000			
effekt av bruk av premiefond		140000		
investering				
BIR, bot	45000			
leikeapparat ny barnehage	150000			
bruk av tilleggsløyving		195000		
	255000	335000	920000	1000000



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-202
Arkivsaksnr: 12/315	Løpenr: 12/2632
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	038/12	TR

SAMNANGERHEIMEN - FINANSIERING AV UTBYGGING

Dokument som ikkje er vedlagt:

Vedteke byggjeprogram

Kva saka gjeld:

Planlegginga av utbygginga ved sjukeheimen viser ein forventa høgare kostnad enn budsjettet. Hovudgrunnen til dette er at bruttofaktoren er forventa å verta høgare enn det som er lagt til grunn i byggjeprogrammet.

Skisseprosjektet for utbygging av sjukeheimen er no i sluttfasen. Norconsult har vore engasjert til arbeidet. Skisseprosjektet er laga ut frå vedteke byggjeprogram. Det same byggjeprogrammet har og vore lagt til grunn for finansiering av utbygginga.

Ved utarbeiding av byggjeprogram er det fokus på kva rom som skal byggjast og kor store kvar av dei må vera. I vedteke byggjeprogram vart det i tillegg sagt noko om kva rom som burde liggja nær kvarandre. Eit romprogrammet inneheld i utgangspunktet ikkje gangareal m.m. For å koma fram til totalt areal vert samla areal for romma multiplisert med ein faktor. (Brutto/nettoareal). I byggjeprogrammet vart omrekningsfaktoren sett til 1,45.

I skisseprogrammet vert det føreteke konkrete teikningar ut frå den tomta som skal nyttast. Fleire løysingar for skisseprosjektet har vore drøfta av prosjektgruppa, og det er vald ein svært kompakt utbygging noko som tilseier lågast mogleg bruttofaktor. Det viser seg likevel at denne vert større enn føresett i byggjeprogrammet – 1,53 mot 1.45-. Konsulenten forklarar denne auken med at krava etter ny forskrift TEK 10 er meir arealkrevjande. Samanknyttinga mot eksisterande bygg har og innverknad.



5114934_Samnanger
heimen_arealskjema.1

I byggjeprogrammet vart det lagt til grunn ein kvadratmeterpris på vel 35.000 kroner. Denne omfatta då også riving av eksisterande bygg.

	2011	2012	2013	2014	Totalt
Lån	1.432.728	5.650.000	36.950.000	5.200.000	47.800.000
Tilskot				15.900.000	15.900.000
Mva. komp	80.748	1.250.000	8.675.000	4.925.000	14.850.000
Samla	1.513.476	6.900.000	46.425.000	26.025.000	78.550.000

Dersom me legg inn same kvadratmeterpris som i byggjeprogrammet, får me denne oversikten mellom byggjeprogram og skisseprosjekt:

Vedteke byggeprogram		Skisseprosjekt		Avvik	
Netto areal	Brutto areal	Netto areal	Brutto areal	Netto areal	Brutto areal
1.504	2.180	1.550	2.376	46	196
	77,9 mill		84,9 mill.		7 mill

Tomteprisen vil for oss vera riving. I tillegg har Samnanger kommune kjøpt naboeigedomen til helsetunet. Den vil verta nytta til parkering for sjukeheimen, og må gå inn som del av kostnaden. Dette gir oss fylgjande oversikt over kostnad og finansiering og manglande finansiering.

	Areal x=2180	Areal= 2376
Areal x 35.734	77.900.000	84.900.000
Utgifter i 2011 inkl. tomt	1.513.000	1.513.000
Prosjekt/byggjeleiiing	1.406.000	1.406.000
Renter i byggjetida	2.900.000	2.900.000
Samla kostnad	83.719.000	90.719.000
Finansiert	78.550.000	78.550.000
Ekstra tilskot?	400.000	500.000
Auka mva.		1.750.000
Manglande finansiering	4.769.000	9.919.000

Vurderingar og konsekvensar:

Kostnadsbilete vert ikkje sikrere før ein er kome lenger i prosjekteringa. Dette arbeidet startar venteleg opp i løpet av sommarferien. Tildeling av arbeidet vert gjort i juni. Men sjølv i denne fasen vil det vera mange usikre moment som gjer at ein ikkje vil veta sikkert kva utbygginga vil kosta. Rådmannen meiner likevel at sidan me no gjennom skisseprosjektet ser at det kan verta eit avvik mellom budsjettet og forventa kostnad, må kommunestyret ta stilling til vidare framdrift.

I finansieringsplanen er det nytta ein heller høg kvadratmeterpris. Her har ein lagt seg i øvre sjikt, men "statistikkane" som ein nyttar i samanlikningane har ikkje med alle kostnader. Planlegging og prosjektering er med, men tomtepris er sjeldan med. For dette prosjektet vert riving av dei bygga som skal bort å rekna som tomtepris. Høgt stipulert er det forventa å kosta ca 2.4 mill. kroner.

Ein meirkostand på 10 mill. kroner vil gje årlege driftsutgifter på 600.000 kroner føreset attendebetaling på 40 år og rentesats på 4 %.

Tek ein utgangspunkt i ein lågare kvadratmeterpris, t.d. 31.000 kroner, (er drøfta som ein mogleg pris i tidlegare dokument) vil avviket mellom kostnad og finansiert vera ca 4 mill. kroner. Rivingskostnaden er då plussa på.

Skal kostnaden med utbygginga reduserast, må arealet ned. Dette kan t.d. skje ved at det vert reduksjon i tal plassar. To plassar færre vil gje vel 3 mill. kroner i lågare kostnad. Rådmannen vil ikkje rå til at me reduserer tal plassar. Me ligg i dag over landsgjennomsnittet – ca. 3 plassar meir -, men den grunnleggjande ideen i samhandlingsreforma om at fleire oppgåver skal gjevast i kommunen (i staden for på sjukehuset) gjer det vanskeleg å byggja ny sjukeheim med færre plassar enn me har i dag. Gjesterom/pårørandeom er og eit areal som kan gå ut. Med ein rom til alle er det mogleg å tenkja seg at det ikkje skal prioriterast areal til dette føremålet. Eit anna alternativ er å sjå på dagsenteret. Dette er relativt stort, men også på dette område ser det ut som om kommunen får eit større ansvar. Reint driftsmessig er det nok mest effektivt å ha eit lokalt av ein slik storleik at ein kan ta imot mange personar samstundes. Alternativet vil vera å dela gruppene med dei driftsmessige meirkostnadene det vil få. Dette er også ”storstova” på sjukeheimen. Ein står då att med behandlingsrom og kontordelen. Også her er det moglegheiter for reduksjon. Rådmannen ser heller på dette arealet som reserveareal som kan disponerast ansleis dersom det kjem til oppgåver som ein ikkje har teke med i dag.

I økonomiplan er det lagt til grunn reduksjon i driftsutgiftene våre med 1 mill. kroner i 2014 og 2 mill. kroner f.o.m. 2015. Dette må til skal me klara å handtera dei store investeringane. Sjølv om me ikkje har arbeidd mykje med driftsopplegget i den nye sjukeheimen, meiner me at nybygget vil gjera oss meir effektive. Me forventar innsparingar som vil inngå som del av den budsjetterte summen i økonomiplan (reduserte driftsutgifter) frå 2014.



5114934_Samnanger
heimen_0-etasje.pdf



5114934_Samnanger
heimen_1-etasje.pdf



5114934_Samnanger
heimen_2-etasje.pdf



5114934_Samnanger
heimen_3-etasje.pdf



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-611, TI-&55
Arkivsaksnr: 11/560	Løpenr: 12/2638
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	039/12	TR

SAL AV KOMMUNAL EIGEDOM V/ 1000-ÅRS-STADEN YTRE TYSSE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tilbyr Samnanger Eiendom å kjøpa eit areal v. tusenårsparken på Tysse til bruk i samband med vidare utvikling av området. Arealet – ca 160 m2- vert tilbydd til ein pris på kr 180,- m2.

Dokument som er vedlagt:

Sal av kommunal eigedom v/ 1000-års-staden Ytre Tysse
Vedk. kjøp av areal på Ytre-tysse.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Tilbod om kjøp av tilleggsareal i bustadfelt Lønnebakken 2012.

Kva saka gjeld:

Samnanger Eigedom a.s. v. Finn Mohn har bedt om å få kjøpa eit tilleggsareal til eigedomane sine på Ytre-Tysse. Spørsmålet var handsama av formannskapet i sak 6/12. Utvalet er positiv til Mohn sine planar og tilbydde han å kjøpa det aktuelle arealet til ein pris på kr 350,- pr m2.

Mohn har i skriv av 9.4.2012 takka nei til tilbodet. Han meiner prisen er for høg, og han ber om å få kjøpa arealet til kr 100 pr m2. Jmf. e-post.

Vurderingar og konsekvensar:

Utgangspunktet for prissettinga var sal av areal i tilrettelagd område på Lønnebakken. Rådmannen har sett på saka på nytt, og ser at det kan vera urimeleg å ta utgangspunkt i sal av areal som skal nyttast til bustadtomt. Rådmannen vil likevel hevda at prisen må settast ut frå det kommunen har lagt ned av infrastruktur, men sidan dette er eit tilleggsareal som primært skal nyttast til vegføremål bør prisen settast lågare.

I bustadfeltet på Lønnebakken vart det i 2005 seld eit tilleggsareal som ikkje skulle nyttast direkte til bustaden. Dette var seld til ein pris på ca 150 m². Ved indeksregulering vert prisen i 2012 ca kr 180,- pr m². Dette er også tilbydd ein av oppsitjarane i feltet som ynskjer større tomt. Rådmannen legg denne prisen til grunn for salet på Tysse.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-611, TI-&55
Arkivsaksnr: 11/560	Løpenr: 12/475
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	08.02.2012	006/12	TR

SAL AV KOMMUNAL EIGEDOM V/ 1000-ÅRS-STADEN YTRE TYSSE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tilbyr Samnanger Eiendom å kjøpa eit areal v. tusenårsparken på Tysse til bruk i samband med vidare utvikling av området. Arealet – ca 160 m2- vert tilbydd til ein pris på kr 350 m2.

08.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-006/12 VEDTAK:

Samnanger kommune tilbyr Samnanger Eiendom å kjøpa eit areal v. tusenårsparken på Tysse til bruk i samband med vidare utvikling av området. Arealet – ca 160 m2- vert tilbydd til ein pris på kr 350 pr. m2.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Reguleringsplan for Ytre Tysse

Kva saka gjeld:

Samnanger Eigedom a.s har søkt om å få kjøpa ein mindre del av det arealet som kommunen har kjøpt på Ytre Tysse i samband med etablering av tusenårsparken. Samnanger Eiendom eig fleire eigedomar innan reguleringsplanen i tillegg til butikken og omsorgsbustadane. Tanken er å få bygd eit par mindre einebustader/bueiningar på dette arealet, og i samband med det er det trong for tilleggsareal for m.a. å få plass til parkering.

Vurderingar og konsekvensar:

21 av 69

I utviklinga av tusenårsparken og i planlegginga av Ytre Tysse har det vore eit ynskje om å få til meir busetnad og større aktivitet på og i nærområdet til Tysse. Dei varsla planane til Samnanger Eiendom oppfyller dette. Vidaresal av ein liten del av det arealet som kommunen har kjøpt har vore med i planane til kommunen. Det er for øvrig ein av dei andre grunneigarane som også har meldt frå om ønskje om tilleggsareal til parkering.

Prising av denne type areal er vanskeleg. Administrasjonen meiner at med dei tiltaka kommunen har gjort i området, bør det vera arealet slik det framstår no som er utgangspunktet for prisinga. Dvs. eit areal som er tilrettelagt med kommunal infrastruktur, og som har fått gode kvalitetar i nærområdet. Føremålet med kjøpet er å få til husbygging, og slik sett kan tomteprisen i det kommunale feltet på Lønnebakken vera ei rettesnor. Pris pr. tomt er frå ca 330.000 kroner til vel 400.000 kroner. Storleiken varierer mykje, men snittprisen pr m2 ligg minst på 400 kr.

SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN

SAK.NR.

09 MAI 2012

EMNEKODE:

OBJEKTkode:

SAKSH:

GRADERING

Finn Mohn

Fra: Finn Mohn <f.mohn@online-no>
Sendt: 9. april 2012 17:07
Til: 'tone.ramsli@samnanger.kommune.no'
Emne: Tilbod om kjøp av eiendom - areal- på Ytre Tysse

Hei,

Viser til mottatt tilbud om kjøp av areal på Ytre Tysse, datert 29.2.2012 og vårt muntlige telefon svar.

Vi ser fra saksfremlegget at kommunen har lagt til grunn at dette tilleggsarealet skal brukes til bolig formål. Dette arealet er lite egnet til boligformål og boligformål er ikke vår begrunnelse bak ønske om å overta arealet.

Vår begrunnelse er og har vært å

- sikre den tinglyste veiretten vi allerede har
- sikre rømningsveien for beboerne i omsorgsboligene på Tysse
- sikre bedre adkomst til vår eiendomsmasse i området

Prisen på kr. 350,00 mener vi er altfor høyt i forhold til nytteverdien arealet har i dag og er villig til å overta arealet for kr 100,00 pr m2.

Med vennlig hilsen

Vennlig hilsen

Finn Mohn
Samnanger Eiendom AS
Ytre Tysse 40
5650 Tysse

Mobil 97 52 20 72

SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN

SAK.NR. J.NR.

08 MAI 2012

EMNEKODE:

OBJEKTkode:

SAKSH:

GRADERING



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Kenth Paul Opheim	Arkivkode: FE-231
Arkivsaksnr: 12/339	Løpenr: 12/2535
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	040/12	KPO

GEBYR REGULATIV 2012- 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Nytt gebyrregulativ for Samnanger Kommune vert vedteke.

Dokument som er vedlagt:

Gebyrregulativ planhandsaming.docx

Gebyrregulativ_ferdig.docx

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune har eit relativt nytt gebyrregulativ kva gjeld sakshandsaming m.m. Det viste seg relativt raskt etter det var teke i bruk at det ikkje var dekkjande for alle områda. I samband med budsjetthandsaminga i desember vart det bestemt at administrasjonen skulle ha klart eit framlegg til nytt regulativ innan sommaren 2012. Etter vedtak i kommunestyret skal regulativet leggjast ut til høyring, slik at det tidlegast vil takast i bruk i august 2012.

Teknisk eining har oppretta ein prosjektgruppe for å gå igjennom gebyra for plansaker, bygge – delingssaker samt oppmåling. Utgangspunktet har vore å finna fram til ”riktige” prisar, samt å gjera det enklare for publikum å forstå kva tenestene kostar.

Utgangspunktet er at kommunane har rett – med visse atterhald – å ta betalt for dei utgiftene som medgår til å produsera ei bestemt teneste.

I vedlagde framlegg til gebyrregulativ må det takast inn eit punkt om delingssaker i LNF-område. Her kjem også jordlova inn, og det skal betalast eit eige gebyr for dette.

Vurderingar og konsekvensar:

Me meiner forslag til nytt gebyrregulativ vil verte enklare for publikum å finne fram i, samt at gebyra vil verte meir reelle i høve til verkelege kostnader.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Kenth Paul Opheim	Arkivkode: FE-651
Arkivsaksnr: 12/340	Løpenr: 12/2547
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	041/12	KPO

UTSKIFTE AV KJØRETØY 2012- 2015

Dokument som er vedlagt:

Utskifting av biler.xlsx

Kva saka gjeld:

Saka gjeld utskifting av kjøretøy som disponerast av Teknisk eining.

Bilparken på teknisk er av heller dårleg standard. Teknisk eining disponerer i dag m.a. 2 stk varebilar som er utsletne. Bilane er 1998 og 1999 modellar. Bilane har store rustangrep og er i dårleg teknisk stand. Ein reknar med store utgifter til reparasjon av desse med det fyrste. Verdien på begge bilane til saman er om lag 30.000,-.

Lastebil, 2001 Volvo, har i dag ein km.stand på 110.000 km, noko som tilsvarar ein bruk på 10.000 km pr. år. Normal bruk for ein lastebil er om lag 100.000 km i året. Driftsutgiftene er svært høge.

I tillegg har eininga ein traktor frå 2004 Massey Ferguson som er i relativ god stand, men der alderen tilseier at det vil koma meir driftsutgifter dei næraste åra.

Vurderingar og konsekvensar:

Eininga har vurdert situasjonen for bilparken. Dei to varebilane må skiftast ut snarast. Etter ei samla vurdering har ein kome til at denne type bilar bør leasast på ein slik måte at dei kan kjøpast av kommunen når leasingperioden er omme. Dvs. at dei vert leasa over 5 år med restverdi 0,-.

26 av 69

Det er ulike vurderingar om kva type større kjøretøy som er naudsynt å eiga for å få utført dei tenestene – først og fremst vintervedlikehaldet – som ligg til teknisk. Diskusjonen går både på storleik og type. Eininga sjølv har konkludert med at det er meir behov for traktor enn for lastebil. Det fell rimelegare å leiga lastebil når det er bruk for dette. Det er og god tilgang lokalt på leiga av lastebilar. Det er og krav om ”sertifikat” for lastebilen med kran, noko som kjem som ein ekstra driftsutgift.

Det er likevel behov for to større kjøretøy særleg med tanke på å få unna brøyting og anna vintervedlikehald. Arbeidet kan gjerast med traktor, og dei kan godt vera vesentleg mindre enn dagens traktor.

Også for desse kjøretøya er det konkludert med at det mest økonomiske vil vera å leasa dei. Traktorane vil verte leasa over 7 år til restverdi 0,-.

Me reknar med at sal av dagens kjøretøy vil gje kr 610.000,-. Dette jmf. tilbod frå forhandlarar. Garanti for alle kjøretøya vil vera 5 år, samt at driftsutgiftene vil verte betydelege lågare enn med dagens bilpark.

I vedlegg er det vist eit opplegg som konkluderer med inntekt for sal av dei fire kjøretøya på 610.000 kroner. Leasingutgiftene vil samla koma på 279.000 kroner pr. år. Det er budsjettert med kr 295.000 i årlege utgifter til kjøretøy. Det er vidare forventa årlege driftsutgifter med ny bilpark på 100.000 kroner. Kommunen har brukt vesentleg meir dei siste åra til bilparken enn dei knapt 300.000 kroner som budsjettert i 2012. Dette er midlar som er omdisponert over eige budsjett. Me føreset at eininga kan ombudsjettera kr 50.000 årleg, og ein står då att med spørsmål om auke i ramma på kr 50.000 i 5 år. Dette vil vera ein finansiell leasingsavtale, og saka må derfor handsamast av kommunestyret.

Inntekter frå sal av bilparken er å sjå på som kapitalinntekter. Det tilseier at dei ikkje kan nyttast i driftsbudsjettet, men må avsetjast på ubunde kapitalfond.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Kenth Paul Opheim	Arkivkode: FA-K51, TI-&01
Arkivsaksnr: 12/314	Løpenr: 12/2362
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	042/12	KPO

AVTALE OM INTERKOMMUNAL KOMMUNE GEOLOG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune kan ikkje ta på seg nye faste utgifter og takkar derfor nei til å inngå i interkommunalt samarbeid om kommunegeolog.

Kva saka gjeld:

Kvam Herad har tatt initiativ til ei vidareføring av eit interkommunalt skredsamarbeid for hordalandskommunane som ein permanent ordning med ein fast tilsett kommunegeolog. Skred og flaum vert hovudoppgåvene i samarbeidet. Samnanger Kommune er invitert til å delta i samarbeidet. Målet med samarbeidet er å auka kompetansen på skredfare slik at ingen bustader vert godkjent i skredfarlege område, at kommunane kan vera gode støttespelarar i saker kor ein må avklara farenivået til flaum- og skred samt at beredskapen vert betre.

Det interkommunale samarbeidet vil prøva å henta og formidla kunnskap oppover i systemet, til kommuneadministrasjon og utover til tiltakshavarar, politikarar, media og innbyggjarar i kommunane. På sikt skal dette føra til at samfunnet vert tryggare.

Kvam heradstyre har vedtatt ein øvre økonomisk ramme for at Kvam skal starte opp med samarbeidet (HST-106/11). Ein føresetnad er at andre kommunar vert med på å delfinansiera stillinga.

Målet med samarbeidet er å auka kompetansen i kommunane slik at dei kan:

- styra arealbruken i kommunane gjennom regulering og byggesakshandsaming slik at ein unngår at nye bygg og anlegg hamner i flaum- og skredutsette område

- vera ein god støttespelar i saker som gjeld kartlegging og avklaring av farenivå i flaum- og skredutsette område
- forbetre beredskapen

Mange kommunar er positive til eit vidare samarbeid og om ein får finansieringa på plass vert prosjektet nok gjennomført. For 2012 har samarbeidet fått 300 000,- i tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland. I tillegg er budsjettet fullfinansiert utan tilskot, men langsiktig er samarbeidet ikkje heilt i mål. Kvam herad må få på plass langvarige avtalar med samarbeidande kommunar, helst politiske vedtak.

Kommunegeolog - interkommunalt samarbeid

Budsjett	800 tusen
Tilskot	300 (Fylkesmannen)
Disp arbeidstid	1 750 timar (netto årsverk)
Herunder adm. (20 %)	350 timar

	Ramme	Døme	Brutto**		Netto***		Ca arbeidstimar	
			SUM Ramme	SUM døme	SUM Ramme	SUM døme	Ramme	Døme
Administrasjon (20 %)							350	350
Kvam	208	175	196	175	122	109	343	306
Kvinnherad*	51	50	48	50	30	31	84	88
Ullensvang	100	100	94	100	59	63	165	175
Fusa	207	125	195	125	122	78	341	219
Eidfjord		40		40		25		70
Modalen	74	74	70	74	44	46	122	130
Masfjorden	100	100	94	100	59	63	165	175
Samnanger		40		40		25		70
Ulvik	60	60	56	60	35	38	99	105
Jondal	50	36	47	36	29	23	82	63
Brutto**	850	800	800	800	500	500	1750	1750
Tilskot		300	300					
Netto***		500	500					

*Kvinnherad vert med i 2012 som eit testår. Dei vil så i etterkant vurdere om dei vil vere med langsiktig

**Utan tilskot (budsjett)

***Inkludert tilskot

I dei tidlegare skredprosjekta er det bygd eit fungerande nettverk som vil vert brukt vidare. Ei viktig arbeidsoppgåve for kommunegeologen er derfor å driva nettverket og arrangera fellesmøte.

Skredfarevurderingar er ressurskrevjande, men førebygging er likevel mykje billigare enn å rydda opp i etterkant. Til dømes kan skredsikring rundt eksisterande tiltak bli fem gonger dyrare enn om det vart gjort før vedtaket vert sett opp (på grunn av vanskeleg tilkomst og fare for skade på eksisterande bygg).

I stortingsmelding 15 (2011-2012) *Hvordan leve med farene – om flom og skred* vert det poengtert at skredfarevurdering bør gjerast så tidleg som mogleg for å hindre å bruke pengar på planlegging og utbygging i område som seinare viser seg umogleg å byggje ut på grunn av flaum- eller skredfare. Meldinga nemner òg at kommunen har ansvar over å ha ein oversikt over skredfaren i kommunen (beredskap).

Til saman 12 ulike kommunar har vore med i die tidlegare skredfareprosjekta.

I 2009 var desse kommunane med: Kvam, Fusa, Ullensvang, Ulvik, Granvin, Eidfjord Jondal, Osterøy og Vaksdal.

I 2010 – 2011 var desse med: Kvam, Fusa, Ullensvang, Ulvik, Granvin, Jondal, Tysnes, Masfjorden og Modalen.

Døme på konkrete resultat av skredfareprosjekta er

- Utvikling av sjekklister for å avdekke skredfarerisiko til bruk i handsaming av plan- og byggesaker
- Opplæring i bruk av aktsemdkart i arealplan og byggesak
- Gjort kunnskap om skred tilgjengeleg for kommunen og halde sakshandsamarar oppdaterte på emne
- Einsarta system for registrering av skredhendingar og uromeldingar (registreringsskjema)
- Samordna rutinar for sakhandsaming i aksemdområde – (skredhandbok)
- Hjelp i samband med utarbeiding av kommuneplanen
- Hjelp i enkeltsaker til enkle vurderingar og råd
- Hjelp ved skredhendingar (synfaring, notat med meir)

Vurdering:

Også i Samnanger er problematikk rundt skredfare for konkrete område ofte aktuelt. Det vert leigd inn geolog frå tid til anna, men då mest knytt til konkrete hendingar når ras har gått. Det er ikkje avsett eigne midlar til denne type konsulentbruk. Det vil seia at dersom Samnanger skal takka ja til innbydinga, må det løyvast midlar. I døme over er Samnanger kommune ført opp med 40.000 kroner evt. 25.000 kroner, noko som i fylgje tabellen vil gje oss 70 arbeidstimar.

Kostnaden med å delta vil variera frå år til år ut frå kor mykje ein nyttar geologen og kva tilskot ein får frå andre aktørar. Det er likevel slik at me må legge til grunn ei viss løyving kvart år. I 2012 har prosjektet fått 300 000,- i tilskot, noko som vil redusera kostnaden for den einskilde kommune. Fylkesmannen er særst positiv til prosjektet og ein skal ikkje sjå vekk frå at en kan få økonomisk støtte fleire år.

Ut frå den bruken ein har hatt dei siste åra, vil kr 40.000 årleg vera klart meir enn det som er brukt i gjennomsnitt. Administrasjonen er svært usikker på om kommunen bør prioritera å delta i nettverket. Me ser at me manglar denne kompetansen, men er usikker på om me ikkje likevel bør halda fram med å kjøpa denne tenesta når behovet er der. Med å delta i eit nettverk, vil organisasjonen få tilført ein del kompetanse som me nok ikkje får gjennom kjøp av teneste. Men det vil og krevja at me er meir aktive på feltet og deltek på samlingar/møte.

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Helene Dahl	Arkivkode: FA-V20, TI-&85
Arkivsaksnr: 12/341	Løpenr: 12/2552
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	043/12	HD

**SAMARBEIDSPROSJEKT OM LANDBRUKSTENESTER I FUSA, OS OG SAMNANGER
UTVIDA MED TYSNES KOMMUNE**

Dokument som er vedlagt:

Avtale.doc
Rapport

Kva saka gjeld:

Tysnes ønskjer å delta i samarbeid om landbrukstenester. I mai 2011 vart det sett ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå både eksisterande samarbeid og frå Tysnes, samt Naturvitarane (arbeidstakarrepresentant). Styringsgruppe for dette arbeidet er rådmennene i Fusa, Os og Samnanger.

Arbeidsgruppa har sett på konsekvensar for Tysnes og for eksisterande samarbeid, trong for personale, budsjett og kostnadsfordeling. Arbeidet er samla i ein rapport (vedlagt) som er godkjend av styringsgruppa (02.03.12).

Konklusjonen er at eit utvida samarbeid kan gje gode tenester og innsparing for alle fire kommunane.

Vurderingar og konsekvensar:

Me har god erfaring med samarbeid om landbrukstenester i Fusa, Os og Samnanger. Samarbeidet vart etablert i 2004. Me har eit velfungerande kontor med god kunnskap på eit stort fagområde. Me yter tenester innan jordbruk, skogbruk, arealforvaltning, utmark og vilt i alle tre kommunane, og me

er aktivt med i mange saker som gjeld næringsutvikling. Me har bygd opp kompetansen og samarbeidet. Tysnes må koma inn i samarbeidet på same vilkår som dei andre kommunane, der Fusa er vertskommune med hovudkontor og arbeidsgjevaransvar.

Landbruksdrift i Tysnes er for ein stor del husdyrhold og grovfôrproduksjon, samt skog og utmark, og skil seg ikkje ut frå det som er mest vanleg i Fusa, Os og Samnanger. Me ser for oss at det vert kontordagar i Tysnes på same vis som Os og Samnanger – faste dagar, samt etter avtale med grunneigarar, synfaringar, interne møte og politiske møte.

Landbrukskontoret har heile tida hatt svært knapp bemanning, slik at me slit når nokon blir sjuke og ved ferieavvikling. Godt internt samarbeid og samhald samt beinhard prioritering har gjort at me stort sett har fått utført arbeidet tilfredsstillande. Me har 3.5 stillingar på landbrukskontoret. Tysnes er om lag like stor som Fusa på jordbrukssida, større når det gjeld skogbruk. Me har rekna oss fram til at me minimum treng 1,5 stillingar i tillegg dersom Tysnes skal vera med, elles greier me ikkje å levera ei forsvarleg teneste. Me har tatt utgangspunkt i saker, bruk i drift og avstandar for utrekningar om fordeling. Me vurderer det til å vera kostnadseffektivt å utvida samarbeidet, og at me kan levere gode tenester.

Tysnes har stort etterslep av saker, og dei har anna sakshandsamarsystem. I tillegg må me gjera oss kjent i kommunen. Me meiner at Tysnes vil ha behov for meir av fellesskapet første året, og at dei difor må betale litt meir i starten. Me må ha ein gjennomgang av prosentfordelinga mellom dei fire kommunane etter at Tysnes har vore med i eit år.

Jordbrukssjefen i Tysnes er gått av med pensjon og kommunen manglar også personale til andre landbrukssaker. Dei har kjøpt akutt hjelp frå oss sidan desember 2011. Me ønskjer å koma i gong med samarbeidet så raskt som mogeleg, men må ha personale og rutinar for arkiv og diverse data på plass. Samarbeidsavtalen vil få same punkt som den eksisterande avtalen mellom Fusa, Os og Samnanger. Me ser for oss formell start sommar/haust 2012, seinast 01.01.2013.

SAMARBEIDSAVTALE OM LANDBRUKSTENESTER - 2012

- 1) Avtalen gjeld for kommunane Fusa, Os, Samnanger og Tysnes
- 2) Landbrukskontoret skal ta hand om alle kommunale tenester innan jord- skog og utmark, samt miljøsaker knytt til desse fagområda.
- 3) Landbrukskontoret er organisert som ei eining med eige budsjett i Fusa kommune. Landbrukssjefen har ansvar for budsjett og dagleg leiing og rapporterer til rådmannen i Fusa. Det vert utarbeidd eige delegasjonsreglement for det interkommunale landbrukskontoret.
- 4) Fusa kommune er vertskommune med arbeidsgjevaransvar for alle tilsette ved landbrukskontoret, samla 5 stillingsheimlar.
- 5) Kontorstad er kommunetunet i Eikelandssosen, men det skal stillast kontor til disposisjon for kontordagar i Os, Samnanger og Tysnes.
- 6) Fusa kommune har ansvar for administrative oppgåver knytt til det interkommunale landbrukskontoret.
- 7) Rådmennene i kommunane skal vere brukarutval og styringsgruppe.
- 8) Felleskostnader vert fordelt etter følgjande fordelingsnøkkel:

Fusa kommune	30,5 %
Tysnes kommune	30,5 %
Os kommune	26,0 %
Samnanger kommune	13,0 %

Tysnes kommune skal betale 31%, Fusa kommune 30% til og med første heile året (2013) på grunn av etterslep saker i Tysnes og tilrettelegging av kontor, arkiv etc. i Fusa.

Fordelinga skal gjelde godkjent budsjett, og overføring til Fusa kommune skal vere forskotsvis kvart halvår. Mindre overskot i høve til budsjett blir avsett på eige fond, større overskot skal takast opp til handsaming som eiga sak. Negativt, uforutsett avvik skal fordelast prosentvis etter ovanfor nemnde fordelingsnøkkel.

Dersom ein kommune har aktivitetar som krev mykje oppfølging frå landbrukskontoret eit år, kan ein etterskotsvis justere prosentane for det aktuelle året. Rådmennene i samarbeidskommunane får fullmakt til å føreta slik justering.

- 9) Deltakarkommunane har rett til å få utført tenester som nemnt i punkt 2 og plikt til å dekke kostnader etter punkt 8.
- 10) Avtalen gjeld til han blir sagt opp. Frist for oppseiing er eit år. Oppseiinga må vere skriftleg med verknad frå 01.01.
- 11) Utviding av interkommunalt landbrukskontor må godkjennast av alle partane.

Interkommunalt Landbrukssamarbeid

Mellom

Fusa, Samnanger, Os

**Og
Tysnes kommune**

Rapport

Frå

Prosjektgruppa
januar 2012

Godkjent av styringsgruppa 02.03.12

INNHALD

1 Innleiing	4
2 Mandat.....	4
3 Tysnes kommune.....	5
3.1 Historikk og Status	5
3.1.1 Tilsette.....	6
3.1.2 Tenestetilbod	6
3.2 Utfordringar for landbrukstenesta	6
4 Felles landbruksforvaltning.....	7
4.1 Generelt	7
5 Konsekvenser for noværande landbrukssamarbeid.....	7
5.1 Eksisterande avtale mellom Fusa, Samnanger og Os.....	8
5.2 Personell.....	8
5.3 Økonomi.....	8
5.3.1 Kostnadsfordeling	9
6 Oppsummering.....	10

1 Innleiing

Dette prosjektet og denne rapporten er ei vidareføring av det arbeidet som blei starta opp i 2003 og som hadde som målsetjing å greia ut om det var grunnlag for eit interkommunalt samarbeid innan Landbruk. Prosjektet var sett i gang av ordførarar og rådmann/administrasjonssjefar i Fusa, Os, Samnanger, Kvam og Tysnes.

Kvam gjekk ut av samarbeidet relativt tidleg i utgreiingsarbeidet, mens Tysnes hadde ei utfordring med å følgja opp med eit endeleg vedtak om å slutta seg til ein avtale.

Landbrukssamarbeidet blei dermed berre etablert mellom kommunane Fusa, Os og Samnanger i 2004.

For Tysnes har det av ulike grunnar aktualisert seg å på nytt vurdera eit samarbeid med nærliggande kommunar på landbrukssektoren. Det var då naturleg å ta fram dei gamle vedtaka og den dokumentasjonen som blei utarbeida i samband med utgreiingsarbeidet.

Etter ein gjennomgang våren 2011 av organisasjonen ved Landbruk- og teknisk etat blei det beslutta å ta kontakt med Landbrukssamarbeidet i Fusa, Os og Samnanger. Dette førte til at rådmannen i Fusa saman med Landbrukssjefen der møtte administrasjonen i Tysnes kommune den 26.april 2011.

Møte konkluderte med at det var grunnlag for å gjera ei supplerande og oppdatert utgreiing med målsetjing at Tysnes kommune kan slutta seg til samarbeidet.

2 Mandat

Bakgrunn:

Fusa, Os og Samnanger har hatt eit godt samarbeid om landbrukstenester sidan 2004. Tysnes kommune har meldt interesse for å vere med i samarbeidet, og det er trong for eit prosjekt som greier ut konsekvensar av eit utvida samarbeid.

I avtalen mellom Fusa, Os og Samnanger er det presisert at utviding av samarbeidet skal godkjennast av alle tre kommunane.

Mål:

Landbrukskontoret for Fusa, Os og Samnanger har eit godt fagmiljø og leverer gode tenester til brukarane ut frå dei ressursane vi har. Tilbakemeldingar frå næringa og politikarar er positiv, og i tillegg har vi godt samarbeid med andre einingar i alle tre kommunane.

Målet med å utvide samarbeidet må vere å styrkje det eksisterande fagmiljøet og levere minimum like gode tenester som før, og at vi greier å oppretthalde god kontakt med andre einingar som vi må samarbeide med. Økonomien må vere god.

Oppgåver og avgjersler:

Styringsgruppa godkjenner mandatet. Arbeidsgruppa lagar så ei skriftleg utgreiing til styringsgruppa som avgjer om og når dette kan leggst fram til politisk handsaming. Politiske utval må vedta høyring. Etter høyring må arbeidsgruppa redigere eventuelle innspel og merknader og legge rapport fram for styringsgruppa. Når rapporten er godkjend, kan saka leggst fram for endeleg politisk godkjenning.

Oppdragsgjevar:

Rådmennene i Fusa, Os, Samnanger og Tysnes

Organisering:

Styringsgruppe:

Rådmennene i Fusa, Os, Samnanger og Tysnes.

Arbeidsgruppe:

Landbrukssjefen i Fusa, Os og Samnanger, Teknisk sjef i Tysnes, jordbrukssjefen i Tysnes og ein representant for naturvitarane/landbrukskontoret for Fusa, Os og Samnanger.

Endeleg avgjerd i kommunestyra i alle fire kommunane.

Vilkår og arbeidsform:

Arbeidsgruppa skal så langt råd greie ut konsekvensar for det eksisterande samarbeidet og konsekvensar for Tysnes.

Praktiske konsekvensar

Økonomiske konsekvensar

Konsekvensar av endra arbeidstilhøve for tilsette

Vidare skal arbeidsgruppa vurdere trong for ressursar til eit utvida kontor og foreslå budsjett og kostnadsfordeling, samt utkast til avtale.

Kritiske suksessfaktorar

Økonomi og tilstrekkeleg ressursar for å få til eit velfungerande landbrukskontor er kritiske suksessfaktorar.

Tid er også ein kritisk suksessfaktor. Tysnes har trong for rask avgjerd om dei kan delta i samarbeidet, men saker som skal utgreiast og etterpå avgjerast i politisk system i fleire kommunar tar tid.

Økonomi og rammevilkår

Prosjektet har fått tildelt kr 75 000 av statlege skjønsmidlar. Pengane skal nyttast til utgreiing og eventuelt arbeidet med å få eit landbrukskontor for fire kommunar i gang.

Evaluering av mandat

Dersom det er trong for endringar i mandatet undervegs, skal styringsgruppa vurdere og eventuelt godkjenne endringane.

Tidsramme og ferdigstilling

Arbeidsgruppa må arbeide raskt, og utkast til rapport, budsjett og avtale skal leggast fram for styringsgruppa i løpet av september.

Sak til politiske utval må vere ferdig i haust (møtefrekvens varierer i dei aktuelle kommunane, så det må tilpassast den einskilde kommune).

November/desember: Det må vere 3 veker høyringsfrist dersom politiske utval vil gå inn for vidare arbeid med saka. Tysnes bør ha møte med bøndene.

Januar 2012: Arbeidsgruppa redigerer innkomne innspel og merknader og legg dette fram for styringsgruppa.

Februar/mars(april): Kommunestyre i alle fire kommunane med rapport, budsjett og avtale.

Våren 2012: Med vilkår om politisk godkjenning; praktisk planlegging av landbrukskontor for Fusa, Os, Samnanger og Tysnes, samt tilsetting av medarbeidarar (frå Tysnes eller nye).

August 2012 (etter ferien) - Igangsetting av samarbeidet.

3 Tysnes kommune

3.1 Historikk og Status

Frå 1950- talet og fram til byrjinga på 1960-talet var heradsagronomen (jordbrukssjefen) åleine med landbruksforvaltninga (bortsett frå noko innleigd kontorhjelp). I praksis var han også kommuneingeniør (teknisk sjef) fram til slik vart tilsett i eiga stilling. Etter kvart vart tal tilsette auka, både innan jordbruk og skogbruk og på det meste var 5 ¼ årsverk knytt til landbrukskontoret.

Medio 2003 var Os kommune utan landbruksfagleg kompetanse og ut året vart denne innleigd frå Tysnes. Samstundes vart det mellom kommunane Fusa, Os og Samnanger utgreid og inngått samarbeidsavtale om felles landbruksforvaltning, gjeldande frå 01.01.04.

I 1994 blei Landbrukskontora flytta frå å vera statleg over til kommunen. På det tidspunktet hadde kontoret på Tysnes 4 heile stillingar. Etter den tid har kontoret hatt ein gradvis reduksjon av tilsette.

3.1.1 Tilsette

Pr. i dag har Tysnes kommune 2 heile stillingar på jordbruk, skogbruk, vilt og fisk. Desse stillingane er besatt med ein fagkonsulent på skog og vilt og ein jordbrukssjef på jordbruksområde. Jordbrukssjefen vil fråtre ved aldersgrensa i 2012. Etter den tid vil kommunen stå utan fagleg kompetanse på jordbruksområde.

3.1.2 Tenestetilbod

Grovt sett arbeider landbruk i Tysnes med følgjande saksområder:

- Produksjonstilskot (2 gonger årleg, ferie og fritid)
- Velferdsordningar (sjukeavlysing, praktikantordning, tidlegpensjon)
- Skogforvaltning (skogsveiar, tilskot til skogkultur NMSK, skogfond)
- Vilt og fisk (Fellingsløyve, rapportering, organisering)
- Arealforvaltning (plansaker, deling, kulturlandskap SMIL, landskap i plan)
- Lovforvaltning (Konsesjonslov, jordlov, skoglov, odelslov, pbl. forureing, viltlov, lov om motorferdsel i utmark)
- Næringsutvikling i landbruket – tradisjonelt landbruk og ny næring under gamle tak (BU, Innovasjon Norge)

Skogbruk:

Oppgåver her er i hovudsak skogsvegar, skogfondsmidlar, Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) og oppfylging av kulturtiltak som rydding og planting. Oppgåver som stikking av veg, organisering av hogst og planting m.m. er i noko grad overteke av Fylkesmann og Vestskog, men krev oppfylging og samarbeid.

Jordbruk:

Medan det før var mykje planlegging av f.eks. dyrking, grøfting, lukking av bekkeløp, bygningsplanlegging m.m. samt rådgjeving, er det i dag mykje meir lovforvaltning og mindre direkte rådgjeving knytt til desse sakene. Hovudtyngda er knytt til rådgjeving i samband med sakshandsaming, arealforvaltning og næringsutvikling. Krav til landbruksfagleg kompetanse må difor vera til stades. Mange av oppgåvene er lovpålagte og må prioriterast fyrst.

Vilt og fisk:

Viltforvaltninga er i hovudsak knytt til hjort.

Kommunen har nyleg fått utarbeida ein forvaltningsplan for hjort. Pr. i dag er det godkjent 51 vald med totalt 680 løyve for hausten 2011. I 2010 var det 642 fellingsløyve med ein avskytingsprosent på 87 %. Minstearealet pr. dyr er 400 dekar.

Forvaltningsplan for gås er under utarbeiding og me ventar at denne vil bli vedteken våren 2012.

Fisk er eit område som har relativt liten fokus i Tysnes kommune.

3.2 *Utfordringar for landbrukstenesta*

Kommunane får stadig nye oppgåver frå staten utan at det dermed fylgjer resurser. Tysnes kommune står i tillegg over for at ein av to sakshandsamarar går av for aldersgrensa. Dette saman med at fagmiljøet er relativt begrensa gjer at Tysnes kommune har store utfordringar med omsyn til sikker

levering av tenester og fagleg utvikling. I tillegg erfarer me at små eller begrensa fagmiljø har vanskar med å rekrutera personar med rett kompetanse

4 Felles landbruksforvaltning

4.1 Generelt

Eksisterande avtale mellom Fusa, Os og Samnanger omfattar alle kommunale tenester innan jord-skog og utmark, samt miljøsaker knytt til desse fagområda. Fusa kommune er vertskommune med arbeidsgjevaransvar for alle tilsette. Kontorstad er Eikelandssosen, men det vert stilt kontor til disposisjon for kontordagar i dei andre kommunane. Alle dei oppgåvene som er levert i Tysnes kommune i dag vil bli overført til eit landbrukssamarbeid. I tillegg kan det vera ønskjeleg å få større fokus på næringsutvikling.

Eitt landbrukskontor for fire kommunar vil krevje ein noko utvida resurs på administrasjon og leing.

Eit viktig moment/tema i ei vurdering av eit mogleg samarbeid vil vere økonomi, dvs. kva kan kommunen (kommunane) spare i reie pengar ved å gå inn for ei organisasjonsendring. I hovudsak vil dette vere den netto vinsten som oppstår etter at det er justert for sparte- og nye utgifter. Dette er den målbare faktoren, i motsetnad til kva som vert oppnådd på andre resultatområder som effektivisering, betre fagmiljø og trivsel, auka resultatoppnåing, betre tilgjengelegheit og meir robust organisasjon (overlapping). Det siste kan vere synleg men vanskeleg å prise i ”kroner og øre”.

Ved overføring av landbrukskontora frå stat til kommune i 1994 fylgde det med øymerka statlege midlar, ca kr 973.000 for Tysnes sitt vedkomande og ca kr 3 058 000 for dei fire kommunane samla. Overføringane har ikkje vorte indeksregulert og er heller ikkje lengre øymerka. Likevel vert beløpa overført årleg i dei ordinære rammeoverføringane og er identifiserbare.

Dette er midlar som kommunane framleis får for å oppretthalde ei forsvarleg landbruksforvaltning og fagleg kompetanse, og er ikkje vorte redusert grunna nedbemanning ved dei fleste landbrukskontor. I 1994 var det 4,0 årsverk ved kontoret i Tysnes, medan det i dag er 2,0 samt noko merkantil hjelp.

Då prosjektgruppa avslutta sitt arbeide i 2006 vart det ut frå mellombels fordelingsnøkkel lagt til grunn at Tysnes ville spare ca kr 446.000 ved å verte med. Stipulert behov for årsverk i dei tre kommunane som hadde felles forvaltning var 5,19. Dei har i dag 3,5 årsverk og sjølv om dette er knapt har det tydelegvis over tid vorte ein større rasjonaliseringsgevinst enn det som fyrst var anteke.

Ved å inngå i ei vel fungerande og utprøvd eining er det grunn til å anta at også Tysnes vil få ein merkbar vinst. Realistisk bør eit minimumsbehov vere at kommunen tilfører 1,5 årsverk slik at eininga samla får 5,0 årsverk. Innsparingspotensialet i kroner vil soleis være omtrent som i 2006, samstundes som ein får med seg dei andre moment og føremoner.

5 Konsekvensar for noverande landbrukssamarbeid

Eit felles landsbrukskontor med fleire partnarar har mange positive sider og nokre ulemper.

På den positive sida kan nemnast:

- Breiare faglig styrke og faglig tyngde
- Større fagmiljø gjev betre beredskap
- Stordriftsfordelar bør gje betre kvalitet og reduserte kostnader

Ulemper kan vera:

- Lengre avstandar til brukarane
- Manglande felles sakshandsamarverky for dei samarbeidande kommunane
- Press på samtidige leveringsfristar
- Meir administrasjon og leing vil gå ut over fagarbeid

Erfaringa i dei 6-7 åra samarbeidet har eksistert syner at det er fleire fordeler enn ulemper med samarbeid om landbrukskontor. Erfaringa er at brukarane får gode tenester, og at tilsette på landbrukskontoret får fagmiljø som gjer arbeidet meir interessant.

Det er verd å merke seg at datakommunikasjonen og datasystem må fungere, elles går for mykje tid bort til kjøring mellom kontora.

5.1 Eksisterande avtale mellom Fusa, Samnanger og Os.

Avtalen var etablert i 2004 - og revidert i 2008 då blei fordelingsnøkkelen justert. Avtalen gjeld til han blir sagt opp med eit års frist - og med verknad frå 1. januar påfølgjande år. Fordelingsnøkkelen er; Fusa 43 %, Os 39 %, Samnanger 18 %.

Ved tilslutning av Tysnes må fordelingsnøkkel endrast i høve til saksmengd.

5.2 Personell

Landbrukskontoret for Fusa, Os og Samnanger har i dag 3,5 stillingar. Det er svært knapt, og i periodar med mange fristar er det stort arbeidspress. I tillegg er kontoret sårbart ved sjukdom og feriar – det er stort område og fleire kontor.

I perioden frå samarbeidet starta (2004) og fram til i dag har arbeidsmengda auka. Det er fleire faktorar som er årsak til dette. Den viktigaste er kan hende at kommunane stadig får nye oppgåver frå staten utan at det følgjer ressursar med. I tillegg er det stor aktivitet hjå dei aktive bøndene – det gjeld til dømes etablering av tilleggsnæring, bygningar som må oppgraderast etter nye regelverk, rydding av beiter (SMIL-midlar), samt søknader om produksjonstilskot 2 gonger årleg. Det har vore mange generasjonsskifte i området og store endringar i regelverk, noko som ofte medfører ein del kontakt med landbrukskontoret. Kontoret er gode på rettleiing om regelverk og eventuelt hjelp til søknader, men desse sakene tar lang tid. Det er også stor byggeaktivitet generelt i kommunane, og dermed mange oppgåver vedkomande areal og konsesjon, samt søknader om planering av landbruksareal der det er tilgjengelege massar frå større byggjeprojekt.

Planarbeid bør også nemnast. Det er etter kvart krav om gode planar for å vere med i vurderinga ved tildeling av statlege midlar. Dette gjeld både areal, næring og utmark (skogbruk og viltforvaltning). Det er store krav til fagkompetanse og stort regelverk.

I 2003 vart det kalkulert trong for 5, 17 stillingar til eit landbrukskontor for Fusa, Os og Samnanger. Men innsparinga med felles kontor er større enn tenkt før samarbeidet. Ei innsparing på om lag 15 % er realistisk(erfaringsvurdering), slik at trong for ressursar på noverande kontor ideelt sett er 4,39 stillingar. Dersom Tysnes blir med – som har berekna ressursbehov på 2 stillingar åleine, kan det reknast med ideell trong for 6,11 stillingar samla. Arbeidsoppgåvene er grundig vurdert, og det viser at eit minimum for eit felles kontor er 5 stillingar. Det inneber ein auke på 1,5 stillingar i høve til i dag for Fusa, Os og Samnanger. Dette er ei vurdering ut frå området (avstandar, 4 kontor), arbeidsmengde og trong for ein viss grad av overlappende fagkompetanse. Det er ikkje mogeleg å tenkje seg ei forsvarleg sakshandsaming med mindre ressursar.

Dersom vi legg til 1.5 stillingar på budsjett for landbrukskontoret for Fusa, Os og Samnanger for 2012, samt tar med Tysnes, vil det likevel vere økonomisk gunstig for kommunane å samarbeide. I tillegg har eit felles kontor fordel av fagmiljø og god kompetanse, slik at kommunane kan levere gode landbrukstenester.

5.3 Økonomi

Det er tatt utgangspunkt i budsjett for landbrukskontoret for Fusa, Os og Samnanger for 2012, og kalkulert auke i kostnader og inntekter. Løn er den store utgiftsposten, og lønsnivå kan variere ein del etter kva kompetanse og erfaring landbrukskontoret kan rekruttere. Det er viktig å peike på at med minimal bemanning treng vi medarbeidarar med høg og kompetanse og fleksibilitet. Vi har budsjettert med tillegg av 1,5 stillingar. Dei andre utgiftene vil ikkje auke dramatisk.

Framlegg til budsjett er 3,1 millionar i kostnad til fordeling på fire kommunar etter fordelingsnøkkel som vert berekna og avtalt.

Samandrag av framlegg til budsjett

Kostnader:

Løn, pensjon, overtid etc.	kr. 2 738 000	
Div utstyr, kontor, reiser, kurs etc.	kr. 223 000	
Arkiv, post/div felles Fusa	kr. 280 000	
Sum		kr. 3 241 000

Inntekter:

Konsesjons-/jordlovsgebyr	Kr. - 90 000	
Fylkesmannen (skjønsmidler)	kr. - 50 000	
Sum		kr. - 140 000

Kostnad til fordeling**kr. 3 101 000**

Denne oversikten har ikkje tatt med tilskot til andre, til dømes til forsøksringen.

5.3.1 Kostnadsfordeling

Nøkkeltal pt.

	Fusa	Samnanger	Os	Tysnes
Folketal	3750	2400	17000	2760
Totalareal km ²	379	266	140	255
Jordbruksareal, daa	15 129	2 546	7 910	12 748
Skogbruksareal, daa	110 000	30 000	70 000	169684
Driftseiningar	396	231	366	526
Produksjonstilskot	120	25	35	81

Overførte midlar frå Landbruksdepartementet til kommunane:

	Fusa	Samnanger	Os	Tysnes	Sum
Ov.f. frå LD	984.000	431.000	670.000	973.000	3.058.000

Arbeidsgruppa har vurdert ulike måtar å rekna ut ein ”rettferdig” kostnadsfordeling mellom partane, blant anna basert på nøkkeltall. Vi har likevel landa på at overførte midlar frå dept. skal spegla behova og oppgåvene i dei ulike kommunane. Arbeidsgruppa sitt forslag til fordeling tar derfor utgangspunkt i denne.

Dette gjev følgjande fordeling:

Fusa: 32.2, dvs 32 %, Tysnes 31.8, dvs 32 %, Os 21.9, dvs 22 %, Samnanger 14.1, dvs 14 %.

Etter dette har vi gjort følgjande justering:

Mandatet seier ikkje noko om at utvida landbrukskontor skal føre til endring i forholdet mellom kommunane i eksisterande samarbeid. Prosentfordelinga over må dermed justerast.

Fusa og Tysnes har størst del av tradisjonell landbruksdrift, Fusa litt meir jordbruk, Tysnes litt meir skogbruk. Tysnes har stort etterslep på ein del saker og har meirarbeid med saker for landbrukskontoret (dei handsamar jordlova i eigne saker). Vi vurderer at Fusa og Tysnes bør ha høgast prosent av kostnader, samt at dei bør ha lik del av kostnader til landbrukstenester, dvs. 30,5 % kvar. Men Tysnes må betale noko meir første året (2013) på grunn av meirarbeid i starten.

Os har stort press på areal og stor byggeaktivitet, og dette fører til svært mange saker som gjeld landbruk – både bruk av areala og konsekvensar av tiltak. I tillegg er det ekstra utfordringar for landbruket i ein kommune med så stort folketal og stor byggeaktivitet. Vi vurderer at Os bør ha 26 % av kostnader til landbrukstenester.

Samnanger har lite tradisjonelt landbruk og ikkje så store arealkonflikter, men dei har store areal, og dei har viltneimnd som tar mykje tid for landbrukskontoret. (sekretærarbeid, saksførebuing og møter på kveldstid). Vi vurderer at Samnanger bør ha 13 % av kostnader til landbrukstenester.

Denne tilleggsvurderinga gjev følgjande fordeling for 2013:

Fusa: 30 %, Tysnes 31 %, Os 26 %, Samnanger 13 %

Fordelinga vil etter overstående budsjett for 2012 føre til følgjande kostnader:

Fusa	kr. 930 300
Tysnes	kr. 961 310
Os	kr. 806 260
<u>Samnanger</u>	<u>kr. 403 130</u>
<u>Sum</u>	<u>kr. 3101 000</u>

Kommentar til budsjett.

Tilskot til landbruksrådgjeving Hordaland (tidlegare forsøksringen) – er ikkje med i dette budsjettet. Kommunane må bestemme om dei vil yte slikt tilskot, og eventuelt om vi skal ta det på felles budsjett. Sak vil bli lagt fram seinare.

Viltfondet er heller ikkje med i dette budsjettet. Fusa, Os og Samnanger har ikkje forvalta dette fondet samla.

Inntekt frå jordlov- og konsesjonsgebyr vert lagt til felles landbrukskontor, det er felles landsbrukskontor som handsamar saker etter desse lovverka, og vil dermed krevje inn gebyret.

Storleiken på gebyret er heimla forskrift med endring gjeldande frå 01.01. 2012.

Kr. 50 000 inntekt er skjønsmidlar til tilrettelegging.

Kommentarar til fordelingsnøkkel:

Då samarbeid om landbrukstenester starta i 2004, var det lite erfaring med slikt arbeid. Det vart tatt utgangspunkt i ymse saker og tidsbruk, samt diverse andre nøkkeltal som kunne vere relevante faktorar.

No er det eit anna utgangspunkt. Vi har erfaring, og ein del saker blir handsama felles. Dermed blir det ikkje rett å skilje på tal saker. Det er ikkje berre tal aktive bruk som betyr noko, men kor mange som eig landbruksareal i LNF-område. Der gjeld jordlova, og der har til dømes planar og delingssaker konsekvensar for landbruket. I tillegg er det svært mange spørsmål vedkomande odel, konsesjon og driveplikt etter at dei nye reglane tok til å gjelde i 2009. (konsekvensar for mange gardsbruk, særleg her på Vestlandet). Dette gjeld alle landbrukseigedomar, uavhengig av drift.

6 Oppsummering

I skriv av 20.02.03 oppmodar Fylkesmannen, Landbruksavdelinga kommunane om å få til meire kostnadseffektive løysingar ved samarbeid over kommunegrensene ved å utnytte kommunane sin samla kompetanse.

I mandatet til arbeidsgruppa er følgjande målsetjing definert:

.... Målet med å utvide samarbeidet må vere å styrkje det eksisterande fagmiljøet og levere minimum like gode tenester som før, og at vi greier å oppretthalde god kontakt med andre einingar som vi må samarbeide med. Økonomien må vere god.

Arbeidsgruppa er samde om at denne målsetjinga kan bli nådd i eit utvida Landsbrukssamarbeid for Fusa, Os, Samnanger og Tysnes, men nokre føresetnader må då leggjast til grunn.

Kontoret må minimum ha tilstrekkeleg tal tilsette for å kunne utføre dei lovpålagde oppgåvene, det vil sei 5 heile stillingar.

I dagens “dataverd” treng ein ikkje kjøre mellom kommunane for å handsame saker. Det er mogeleg å logge seg på frå der personane er fysisk plassert. Det sparer mykje kjøring og tidsbruken som følgjer med det. Det er ein føresetnad med datatilgong til og frå Tysnes frå starten av. Det er likevel trong for kontordagar i alle kommunane, og då er kommunikasjon og samarbeid viktig. Det betyr at landbrukskontoret må vere plassert slik at det er lett å kome i kontakt med andre – teknisk, plan, kultur etc, samt kunne ta imot dei som ønskjer informasjon og hjelp. Det er no 2 kontordagar for veka i Os og 1 i Samnanger, og i tillegg møte etter avtale med brukarane eller på interne møter i kommunane (i særleg grad landbrukssjefen). Ein dag i veka må alle vere samla i Fusa for samarbeid, møte og teamarbeid. Dette fungerer godt i dag, og denne “samlingsdagen” er ein viktig faktor for å løyse oppgåvene og utvikle teamet.

Alle på landbrukskontoret må vere tilsett i Fusa kommune. Landbrukskontoret er alt eit vel fungerande kontor som må vurdere nøyre kva kompetanse det er trong for ved ei utviding. Teamarbeid er viktig, og avstandar og arbeidsmengde gjer at tilsette må vere svært fleksible.

All informasjon om landbruk ligg på eige område på heimesida til Fusa kommune, denne sida kan opnast frå alle kommunane si heimeside. Dette gjer det enklare å oppdatere og enklare for brukarane.

Kostnadsfordelinga mellom Fusa, Os og Samnanger vart justert i 2008 med grunnlag i erfaring og faktisk arbeidsmengde i dei ulike kommunane. Det bør gjerast ei liknande vurdering etter at Tysnes har vore med ei tid, for å sikre at fordelinga tilsvarar faktisk arbeid så godt som mogeleg.

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-400, FA-D41
Arkivsaksnr: 11/313	Løpenr: 12/2063
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	044/12	TR

IKT-LØYSINGAR VED KYRKJEKONTORET**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

IKT-avdelinga i Samnanger kommune overtek driftinga av e-postløysinga for Samnanger kyrkjekontor. Datamaskinene på kyrkjekontoret skal oppgraderast med nye versjonar av Windows, Office og Exchange. IKT-avdelinga har ansvar for installasjon. Lisenskostnadane vert dekkja ved løyving frå kommunen sin tilleggsloøyvingskonto.

IKT-avdelinga skal vidare vurderer andre "enkle" tiltak som kan forbetra dataløysingane ved kyrkjekontoret, til dømes å knytta serveren på kyrkjekontoret opp til kommunen sine system. Slike tiltak må gjerast i samråd med dagleg leiar på kyrkjekontoret.

Kva saka gjeld:

I formannskapet sitt vedtak 03.11.2011 om ansvars- og oppgåvefordeling mellom kyrkja og kommunen står det at "*Samnanger kommune vil yta konsulenttenester innan IT-område i den grad det er kapasitet*".

IKT-avdelinga får med ujamne mellomrom førespurnader frå kyrkjekontoret om å hjelpa dei med ulike dataproblem. Hjelpa IKT-avdelinga kan gje i dag, vert i praksis mest "mellombels brannslukking". Generelt skuldast dataproblema ofte at dataløysingane på kyrkjekontoret er lite føremålstenlege (til dømes ulike Windows- og Officeversjonar på datamaskinane og dårleg løysing for e-post).

For IKT-avdelinga ville det vore langt enklare å hjelpa dersom det vart gjort nokre grep for å betra dataløysingane på kyrkjekontoret. Døme på slike "grep" vil vera å oppgradera til nye og felles

44 av 69

versjonar av Windows og Office og at kommunen overtek driftinga av e-postløysinga for kyrkjekontoret. Dette vil også gjera arbeidssituasjonen betre for dei som arbeider på kyrkjekontoret. Det vil bli noko lisensutgifter for oppgradering av Office, e-postserver og Windows samt eit par dagar arbeid for IKT-avdelinga for å setja opp e-postløysinga. IKT-avdelinga ønskjer å ta på seg dette arbeidet, mellom anna fordi det på litt sikt vil spara avdelinga for arbeid. Utgiftene til lisensar er ikkje store då kyrkja kan nytta seg av såkalla "akademiske lisensar" (tilsvarande lisensar som t.d. skuleverket).

Eit anna mogleg tiltak er å skifta ut noko av datastyret ved kyrkjekontoret. Det bør i så fall kjøpast inn heilt nye datamaskinar. Me tilrår ikkje at kyrkjekontoret overtek "gamle" kommunale datamaskinar.

Slik IKT-avdelinga ser det, burde kyrkjekontoret helst vore knytt til server på kommunehuset. Dette ville gjort drifta enklare, samt gitt sikrere løysing for backup/sikkerheitskopiering enn løysinga kyrkjekontoret har i dag. Ei løysing med server på kommunehuset vil krevja fiberlinje til kyrkja på Haga. Det er i dag ikkje planar om å leggja slik fiberlinje. Inntil vidare må det derfor vera eigen server i kyrkja, men denne bør likevel knytast opp til kommunen sine system for noko enklare drift (då med noko avgrensa funksjonalitet i forhold til ei heilsentralisert løysing).

Vurderingar og konsekvensar:

Saka er diskutert med dagleg leiar på kyrkjekontoret. Ho ønskjer at kommunen tek på seg meir ansvar knytt til drifta av datasystemet deira.

Dersom det skal kjøpast nye versjonar av Windows, Office og Exchange (e-post), må det finnast midlar til dette. Kostnaden vil verta om lag 860 kroner + mva per brukar. Det er i dag 6 brukarar av datasystemet på kyrkjekontoret. Samla lisensavgift vert då om lag 5.000 kroner. I tillegg kan det verta snakk om ei årleg sertifikatutgift på eit par hundre kroner. Kyrkjekontoret har ikkje midlar på budsjettet for 2012 til å dekkja desse kostnadane.

Me ser ikkje for oss at kommunen skal ta betalt for arbeidstida IKT-avdelinga vil bruka på installasjon av ny programvare og oppsett av ny e-postløysing. Me vil heller ikkje ta betalt for hjelp med feilretting ("brukarstøtte") i samband med dataproblem ved kyrkjekontoret, med mindre det er snakk om omfattande arbeid for å løysa eit problem.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Kai Morten Kleivane	Arkivkode: TI-&00, FA-L30
Arkivsaksnr: 12/294	Løpenr: 12/2186
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	045/12	KMK

LOKAL FORSKRIFT - VINTERFORSKRIFTEN §18 MATRIKKELFORSKRIFTA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å innføre vinterforskrift for Samnanger med heimel i Matrikkelforskriften §18 (3)

Forskriftstekst:

- Forskrifta gjeld unntak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning (jfr. Matrikelova §6) i Samnanger kommune
- Fastsett av Samnanger kommunestyre 20.06.2012 med heimel i forskrift 26. juni 2009 nr. 864 om eigedomsregistrering (matrikkelforskriften) §18 tredje ledd.
- §1 Føremålet med forskrifta er å utsetja fristen av fullføring av oppmålingsforretning i vinterhalvåret der snøtilhøva gjer det praktisk umogleg å merkja og måla i høve til standarden.
- §2 Utsett tidsfrist for gjennomføring av oppmålingsforretninga
Tidsfristen som er fastsett i matrikkelforskrifta §18 første ledd løper ikkje i perioden 1. november til 15. mai
- Denne forskrifta trer i kraft same dato som den vert kunngjort i Norsk Lovtidend

Dokument som er vedlagt:

Snø_2006_2012.pdf

Dokument som ikkje er vedlagt:

LOV-2005-06-17-101(Matrikkelloven)

FOR 2009-06-26 nr 864: Forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften)

Kva saka gjeld:

46 av 69

Kommunen har som lokal matrikkelstyresmakt 16 veker frist (jfr matrikkelforskriften §18 første ledd) på å ferdigstilla oppmålingsforretning. Kommunen har særleg store utfordringar med snø i høgareliggande delar av kommunen (over 200 moh), og til dels i lågareliggande område, noko som hindrar at markarbeid kan utførast i samsvar med krav i lova.

I matrikkelforskrifta §18 tredje ledd vert det gjeve heimel til kommunestyret å fastsetja ein lokal vinterforskrift i høve til snøtilhøva i kommunen.

Vurderingar og konsekvensar:


Ved oversitjing av fristen på 16 veker frå kommunen si side skal gebyr for oppmålingsforretning avkortast med ein tredjedel, ved ytterlegare oversitjing i to månader skal gebyret avkortast med to tredjedelar. (jfr matrikkelforskrifta § 18 fjerde ledd). Dette vil føra til at kommune ikkje vil kunne dekkja sine kostnader ved oppmålingsforretninga.

I enkelte område i Samnanger vil det ikkje vera praktisk råd å gjennomføra ei oppmålingsforretning i vinterhalvåret. Særleg gjeld dette i område i Eikedalen og Kvitingen. Dette er delar av kommunen som har ein relativt høg aktivitet når det gjeld oppmåling.

Døme:

Delingssak i Kleivane. Løyve til frådeling vart gjeve 19.12.2011. I det aktuelle området ligg det framleis ca 50 cm snø. Kommunen har tre veker frist på å gje varsel om oppmålingsforretning. Det er tre veker klagefrist på forretninga og det er tre veker klagefrist på matrikkelføring. Ved oppmålingsforretning i siste halvdel av mai kan ein rekne med at saka er matrikkelført i siste del av juni. Ein kan derfor seie at kommunen har brukt 24 veker på saka.

Vedlag fylgjer snøobservasjonar for Jonshøgdi målestasjon på Kvamskogen dei siste 5 vintrane. På denne kan ein lese at ein pr. 02.05.2012 har 30 cm snø. Dei seinare åra har snøen forsvunne i månadsskifte april-mai. Ein må sjølvst ta høgde for lokale variasjonar.



Skriv ut



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FA-M00
Arkivsaksnr: 11/308	Løpenr: 12/2654
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.06.2012	046/12	TR

VA-ANLEGG KVAMSKOGEN-EIKEDALEN - SAMARBEIDSAVTALE MED KVAM HERAD

Dokument som er vedlagt:

VA utbygging Kvamskogen fordeling.doc
VA anlegg Kvsk-Eiked ,Cowi nov 07.DOC

Kva saka gjeld:

VA-løysing for Eikedalen har vore omsnakka lenge. Særleg er utfordringane store for Eikedalen skisenter som driv med tette tankar med dei kostnadane og arbeidet det fører med seg. Samnanger kommune har ved ulike høve vurdert kva som kan gjerast, men det har ikkje vore mogleg for kommunen å gå i gang med ei storstilt utbygging. Kvam herad har planar i området, og dei har vend seg til Samnanger med spørsmål om eit samarbeid. Samnanger kommune har gitt positiv tilbakemeldingar på dette.

Den løysinga som kan vera aktuell i Eikedal er at det vert bygt ut ei offentleg stamme med leidningsnett, pumpestasjonar, reinseanlegg m.m. I botn for det heile ligg VA-anlegget på Kvamskogen. Høgdebasseng her vil også hjelpa til i forsyninga av Eikedalen. Kostnaden med investeringane vil verta fordelte mellom dei to kommunane ut frå nytten, dvs. tal (potensielle) abonnentar. Eksisterande investeringar vil gå inn som del av driftsutgiftene.

Anlegget er under prosjektering, og arbeidet er tenkt lyst ut i løpet av eit par mnd. Det er føreteke ein del utrekningar for å finna fram til kva kostnader ein må rekna med. Desse kalkylane er førebels usikre. I utgangspunktet var det tenkt at abonnentane i Samnanger skulle ha same gebyra som abonnentane på Kvamskogen. Kvamskogen er eit eige gebyrområde i Kvam. Kostnadsbilete, slik

me i dag ser det gjer at det ikkje vil vera mogleg. Det vert derfor lagt opp til at Eikedal vert eige gebyrområde for vatn og avlaup.

Eit evt. samarbeid mellom dei to kommunane bør/må formaliserast gjennom ein avtale. Det er fortsett mykje uavklara, men hovudprinsippa bør no kunne fastleggjast. I vedlagde notat er ulike problemstillingar tekne opp.

Rådmannen vil til møte i formannskapet utarbeida eit forslag til avtale som vil omhandla kva ansvar og arbeid dei to aktørane tek på seg.

- investeringsfasen med fordeling av kostnad og ansvar
- driftsfasen med Kvam herad som drifter og fordeling av kostnad

Vurderingar og konsekvensar:

Den største utfordringa slik rådmannen ser det er å få fram informasjon som viser kva økonomiske pliktar kommunen tek på seg med å inngå ein avtale med Kvam herad om VA-løysing i Eikedalen. Det har ikkje vore tid til å rekna nærare på dette, og grunnlagsmaterialet er heller ikkje klart. Utgangspunktet for eit kommunalt engasjement bør vera at det vert lagt leidningsnett mot Fossen bratte og til Eikedal skisenter. Me har grove kostnadstal for den delen som går mot skisenteret, og me vil til møte i formannskapet foreta utrekningar for å kunne seia noko om kva investeringskostnadene kan verta og kor mange abonnentar ein kan rekna med å fordela kostnaden på. Ein vil då også få fram kostnaden for den einskilde abonnent, og om det er mogleg å forsvara. Rådmannen kan ikkje sjå at kommunen har høge til å subsidiera abonnentane i Eikedal, så dersom reknestykket ikkje går i balanse bør Samnanger takka nei til ei felles løysing. Det vil sannsynlegvis bety nei til VA i Eikedal i mange år framover. Det er i tilfelle ikkje særleg tilfredsstillande ut frå at det no er under planlegging fleire nye hytteområde.

Administrasjonen ser eit samarbeid med Kvam som einaste løysinga for å få til VA-løysing for området. Skal Eikedalen utviklast vidare med tanke på busetnad – fast eller fritid – må det til gode VA-løysingar. Det er vanskeleg å sjå for seg at det kan løysast utan eit felles anlegg.

I det tenkte samarbeidet vil Kvam herad stå for den daglege drifta. Dette er svært viktig også for å halda kostnaden nede.

VA utbygging Kvamskogen

NOTAT

Vedr.samhandling/avtale mellom Samanger kommune og Kvam herad .

Grunnlagsdokument:

1. Vurdering utarbeidd av Cowi nov.2007
2. Forprosjekt for vidare utbygging, utarbeidd av Cowi, juni 2011
3. Oppsummering av tilknytningar m.v. frå Kvam herad , epost av 16.04.12
4. Vedtak i Samnanger formannskap, mai 2012, sak FORM 027/12

Status mai 2012:

Forprosjekt er godkjent og detaljprosjektering for oppgradering av vassbehandlings/vassforsyningsanlegg på Kvamskogen og vidareføring av leidningar for VA vestover pågår.

Kvam herad har sett av budsjettmidlar ut frå eit el.grovt rammebudsjett , og har så langt drive fram prosjektet og kosta det som så langt er gjort .

Sannsynleg ferdig juni 2012, tilbudsutlysing sommaren 2012, anleggstart seint 2012.

Samnanger ynskjer å fremja sak for kommunestyret 20.6.12, og framlegg til samarbeidsavtale bør liggja føre til dess.

Tema som må avklarast/inngå i avtale:

Som det innleiingsvis står i notat nr.1 må avtalen ta med avklaring av flg. element:

- Kostnadsfordeling, utbygging og drift
- Organisering/styring i utbyggingsfasen
- Organisering i driftsfasen
- Prissetjing av tenestene mot abonnent.

Organisering og styring:

Kvam har, etter dei tydelege signal som er gjeve i tidlegare møte, styrt framdrift så langt. Slik det blir oppfatta frå Kvam si side er det ynskjeleg at dette også blir vidareført i dei neste fasane. Prosjektet etablerast med deltakar frå begge kommunar, slik det og er gjort i samband med detaljprosjektering/prosjektmøte som no er under arbeid.

I driftsfasen vil det vera ønskjeleg med felles driftsansvar, ut frå behovet for å ha samla oversikt .Slik samtalene med Samnanger har vore oppfattar Kvam det som ynskjeleg at vi driftar heile området, og kan og vera samde i det.

Kostnadsfordeling:

Anlegg som berre er til nytte for Kvam: alle kostnader blir dekkja av Kvam herad

Anlegg som berre er til nytte for Samnanger: alle kostnader blir dekkja av Samnanger

Fellesanlegg: kostnader blir fordelt etter bruken/nyttan av desse.

Elementa klassifiserast ut frå dette og kostnadsandel reknast ut.

Utbyggingselement som må handsamast er det som står framfor gjennomføring no , - tidlegare utbyggingar blir løyst gjennom deling av driftskostnader:

Oppgradering avløpsrenseanlegg i Øystese:

Kravet om oppgradering og størrelsen på avløpsområdet er ikkje styrt av tilførsel frå Samnanger. I den grad Samnanger skal delta med kostnader ved denne utbygginga må det vera ”oppdimensjonering” som skuldast den tilførsla. Svar på det får vi ikkje før prosjektering av nytt RA er gjort , men truleg blir det marginale kostnader. Driftskostnader kan fordelast i høve til tilført mengde.

Ledningsnett:

Investering for ledningsnettet for avløp fordelast etter bruken frå nov.endepkt.Kvamskogen og til pumpestasjon Eikedalen (PST2) . Tilsvarande blir det fordelt frå Eikedalen (PST2) og til endepunkt – fordelingsnøkkelen blir nok ein annan for den siste delen, der Kvam sin andel er knytt opp mot utbygging på Kvam si side inst i dalen.

Investering for anlegg og ledningsnett for vatn:

Oppgradering av storleik (dimensjonsendring) for RAVatn ,ledningsnett og H.Basseng som kan tilskrivast leveranse mot Samnanger dekkast frå dei .

Driftskostnader for strekningen blir fordelt etter tilført mengde på det einskilde strekk.

Avløp:Eikedalen- Eikedalen (PST2), Eikedalen (PST2) -Nov.endepunkt, og Nov.endepunkt-RA Øystese.

Vatn:Drift Behandlingsanlegg, strekning VB Vatn- Samnanger grense , Samnanger grense/Eikedalen endepunkt. Ledningsnett lenger aust blir ikkje påverka av leveranse til Samnanger.

Gebyrmessig handsaming/inndeling:

I samband med den gebyrmessige fordelingsmodellen, innkrevjing og berekning møter vi ein del utfordringar:

Investeringar: Ved delt eigarskap - skal andelen skal aktiverast i den einskilde kommune? (Viss ikkje må vel samarbeidet formaliserast gjennom eige selskap (a/s, IKS).

Gebyrbereking: Gjerast delt – for kvar kommune , med dei kostnadsberande element som høyrer til. Samnanger krev inn sjølv, og dekkar sin andel av investerings- og driftskostnader. (forutset evt.at Samnanger etablerer eit eige avgiftsområde i Eikedalen).

Alternativt: Avgiftsområde i Kvam blir søkt utvida til å omfatta Eikedalen og kostnadene rekna ut frå ein totalkostnad i området. Forutset at antall abonnentar i Samnanger dekkar kostnaden for den delen. Reiser ein del spørsmål i høve til eigarskap og evt.subsidiering over grensa ?

Førebels skisse til avtaleinnhald og stipulering av kostnadsfordeling.

1.Vassforsyningsanlegg og Avløpsanlegg på Kvamskogen i Kvam herad blir uvida vestover til grense mot Samnanger. Anlegget blir vidare ført inn i Samnanger og opp til endepunkt ved Eikedalen skisenter, og kan også forlengjast derfrå og over i Kvam herad. Trasear og omfang framgår av kartvedlegg til avtalen.

2.Fordeling av utbyggingskostnader (investering):

Kostnadselement som skal fordelast :

1.Oppgradering av reinseanlegg vatn: stipulert kostnad 6,5 mill, Samnanger sin andel vil vera begrensa til ein evt.utviding av anlegget som kan tilskrivast forbruk frå Samnanger.

Sannsynleg forbruk for Samnanger må stipulerast, og evt.påverknad på dinensjonering avklarast. Andelen må reknast å bli liten.

2. Høgdebasseng (2 stk) som er nødvendig for å få stabil og sikker drift av vassforsyninga. Det vil vera same vurdering som gjeld her som for 1.

Kostadene med desse er stipulert til 4,6 mill., pluss lednings-og vegframføring til dei – samla kostnad 6,4 mill.

3.VA-ledningar/anlegg frå Måvotno til Eikedalen: Fordelast i høve til bruk (antall abonnentar evt. p.e.). Samla kostnad er stipulert til 17,5 mill. Det må også her takas omsyn til evt.auke av dimensjon (ledning,pumpestasjonar) som kan tilskrivast forbruk i Samnanger.

4.Dersom Samnanger vel og også ta med VA-ledningar vestover i Eikedalen, vil det vera Samnanger sin kostnad åleine. Tidlegare stipulert av Cowi til oml. 10 mill.

3.Driftskostnader:

Driftskostnader vil gjelda heile strekningen med alle installasjonar – frå Eikedalen til Øystese. Fordeling i forhold til mengde (m³, evt.antall tilknytte pe) på kvar delstrekning , - utrekna til ein avrunda prosentsats for heile driftskostnaden.

4.Gebyrfordeling og – innkreving:

Grunnlaget ligg i lovverket , jfr. utsnitt nedanfor.

Ein ryddig organisering bør ta omsyn til at investeringar høyrer heime i den einskilde kommune sitt rekneskap, og at abonnentane høyrer heime i den einskilde kommune.

Driftsmessig og utbyggingsmessig kan det gjerast felles, men gebyr/kostnadsfordeling må vera knytt til den einskilde kommune:

- 1) Samnanger opprettar eige avgiftsområde for Eikedalen.
- 2) Gebyrgrunnlaget blir utrekna for dette ; i det inngår dei kostnader som er nemnt under hovudpunkt 2 og 3. I tillegg skal innreknast andel av andre felleskostnader som Samnanger har (adm. mv.) .
- 3) Ut frå dette kostnadsgrunnlaget og det abonnentalet som er innanfor avgiftsområdet blir det rekna ut kva gebyr som er nødvendig. Dersom det er høgare enn det som i dag gjeld for Kvamskogen i Kvam, vil det vera ei vurdering Samnganger må gjera om dei vil auka gebyret eller subsidiera det. Samnanger krev sjølv inn gebyret.
- 4) For driftskostnader som fell på Samnanger blir det sendt vanleg rekning frå Kvam til Samnanger iht.avtalt kostnadsfordeling , jfr. hovudpkt. 3.

23.05.12

Per Øyvind Tveiten

Teknisk sjef

Lovgrunnlag:

Reglement, 11.02.2000

Publisert under: Regjeringen Bondevik I

Utgiver: Miljøverndepartementet

Status: Arkivert

T-1157

Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter Forskrift om kommunale vann- og avløpsgebyrer

Etter gjeldande lov/forskrift har kommunane større handlefridom for fastsetjing av lokale forskrifter enn før, og til å fastsetja eigne avgiftsområder. Hovudprinsippa er uendra:

Lovens og forskriftens hovedprinsipper

Hovedprinsippene bak forskrift om beregning m.v. av kommunale vann- og kloakkavgifter av 6. september 1974 ligger fast:

i Bare kostnadmessige og beregningstekniske hensyn skal legges til grunn for gebyrberegningen.

- Gebyrene skal fordeles på brukere av fast eiendom slik at de i størst mulig utstrekning gir uttrykk for hva det koster kommunen å betjene den enkelte eiendom med vann- og avløpsanlegg.
- Intensjonen er at brukerne av fast eiendom fullt ut skal dekke alle kostnader i forbindelse med kommunale vann- og avløpsanlegg.

Det er ikkje eit krav om full kostnadsdekking, slik det t.d. er ved fastsetjing av avfallsgebyr:

Kommunene er ikke pålagt full kostnadsinndekning gjennom gebyrer. Kommunen kan ikke kreve inn mer i gebyrer enn dens samlede kostnader på vann- og avløpssektoren (selvkost). Den nye forskriften legger ikke opp til noen endringer på dette punkt i forhold til tidligere regler. Det er således bare kostnader som har normal sammenheng med en forsvarlig forretningsmessig gjennomføring av tiltak på vann- og avløpssektoren som kan tas med i gebyrgrunnlaget. Andre kostnader, f.eks. til bygging og drift av fontener, tilretteleggelse av vannkilder for bading, fiske og annet friluftsliv samt andre miljøtiltak kan ikke finansieres ved hjelp av vann- og avløpsgebyrer.

De gebyrer som kreves inn, kan utelukkende benyttes til å dekke kostnader på vann- og avløpssektoren. Det er for å klargjøre dette hovedprinsippet, og tydeliggjøre at betalingen er vederlag for en tjeneste, at forskriften bruker betegnelsen "gebyr".

De forskjellige gebyrtypene skal ikke knyttes til noen bestemt del av kostnadene. Engangsgebyr for tilknytning skal således ikke referere seg direkte til anleggsutgiftene. Kommunene fastsetter selv forholdet mellom tilknytningsgebyrenes og årsgebyrenes størrelse.

Kvam herad

**Kvamskogen/Eikedalen -
Vurdering av
interkommunalt samarbeid
ved utbygging og drift av
VA-anlegg**

Notat

November 2007

COWI



COWI AS
Solheimsgt. 13
Postboks 6051 Postterminalen
5892 Bergen

Telefon 02694
www.cowi.no

Kvam herad

**Kvamskogen/Eikedalen –
Vurdering av
interkommunalt samarbeid
ved utbygging og drift av
VA-anlegg**

Notat

November 2007

Dokument nr.
Revisjonsnr.
Utgivelsesdato 13.11.2008

Utarbeidet Reidar Seim
Kontrollert Svein Sande
Godkjent Bård Alsaker


Innhald

1	Innleiing	2
2	Vurdering av organisatoriske løysingar	4
2.1	Interkommunalt samarbeid	4
2.2	Samarbeid mellom kommune og private selskap	6
2.3	Samarbeidsavtalar om enkeltanlegg	6
2.4	Konklusjon	8
3	Omfang av ein samarbeidsavtale	9
3.1	Avtalegrunnlag	9
3.2	Fordelinga av kostnader	10
3.3	Avgiftsgrunnlag – Gebyr	12
4	Vidare framdrift	14

1 Innleiing

Kvam herad har bygd ut eit relativt omfattande nett for vann og avløp i Kvamskogsområdet. Avløp vert overført til eit felles avløpsrenseanlegg i Norheim-sund, medan vassforsyninga skjer frå eit eige vassverk på Kvamskogen.

Figur 1: *Aktuelt område på Kvamskogen/Eikedalen (Kartbok for Vestlandet)*




VA-nettet har no eit endepunkt vestover som er ca. 2 km frå kommunegrensa til Samnanger, jf. kartskisse i figur 2 nedanfor. Det er no omfattande planar om utbygging av hyttefelt i Eikedalsområdet på begge sider av kommunegrensa mellom Samnanger og Kvam.

Vidare ekspansjon av VA-nettet vestover gjer at avløpsleidninga på Kvam si side av kommunegrensa vil få fall vestover med eit lågpunkt ved Eikedalsvatnet som ligg midt på kommunegrensa mellom kommunane, jf. figur 2.

Vidare utbygging gjev såleis eit behov for å inngå eit samarbeid mellom dei to kommunane for utbygging av anlegg og seinare drift av desse. Ei slik vurdering bør omfatte følgjande:

- Kostnadsfordeling, både i ein utbyggings- og ein driftsfase.
- Organisering/styring i utbyggingsfasen.
- Organisering av driftsfasen.
- Prissetting av tenestene mot abonnentane.

Figur 2: *Aktuelt område med innteikna planlagt hovudnett for VA*



Førebels er dette ei vurdering som berre ser på løysingar for det konkrete geografiske området. Eit interkommunalt samarbeid om drift av alle kommunale vann- og avløpsanlegga i dei to kommunane er såleis ikkje ein del av vurderinga.

2 Vurdering av organisatoriske løysingar

2.1 Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid kan organiserast på grovt sett følgjande måtar:

- Som IKS etter Lov om interkommunale selskap.
- Som AS etter aksjelova.

Dersom valet står mellom IKS og AS synes det som om dei fleste kommunane har ein preferanse for IKS då ein meiner at dette gjev best politisk kontroll. Det er likevel utforminga av vedtektene i eit IKS, eller AS, og korleis kommunestyra i praksis vel å ha ”kontroll” med selskapet som er mest avgjerande for den politiske kontrollen. Det er likevel ein del skilnader mellom selskapsformene som er vert oppsummert i tabellen nedanfor.

Tema	IKS	Aksjeselskap
Lovgrunnlag	Lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr 6. Relativt ny lov, liten rettspraksis	Aksjelov ”Velprøvd ” lov, mykje rettspraksis
Deltakarar	Berre kommunar, fylkeskommunar, og eventuelt staten	Kommunar, fylkeskommunar, staten, interkommunale selskap, private og offentlege firma/verksemder
Styringsform	Vedtekter godkjende av kommunaldepartementet. Styre og representantskap. Partane oppnemner sine representantar	Styre og bedriftsforsamling. Partane oppnemner sine representantar
Finansiering	Tek sjølv opp lån, normalt med kommunale garantiar. Eventuelt direkte anleggstilskot. Årlege kostnader fordelte på partane etter fordelingsnøkkel.	Medlemmene berre ansvarlege for innskotskapitalen (aksjekapitalen). Eigne lån som ikkje krev godkjenning etter kommunelova. Lettare å skaffe risikovillig kapital.
Avgrensing i oppgåver	Forvaltningsoppgåver kan delegerast frå kommunane til selskapet	Enkelte forvaltningsoppgåver kan delegerast dersom vedtektene opnar for dette.
Eigarskifte og utmelding	Overdraging av andel berre etter samtykkje frå dei andre deltakarane. Lovregulering av prosedyre for utmelding	Sal av aksjar, med eventuelle vedtektsfesta avgrensingar innafor lova sine rammer.
Andre tilhøve	Innsyn i offentleg forvalt-	Friare stilling i høve til of-

Tema	IKS	Aksjeselskap
	ning, eventuelle reglar for kvotering,	fentleg forvaltning. Kan vere ulike reglar for meirverdiavgift, investeringsavgift m.v.
Påverknad frå partane	Partane sin påverknad på den daglege verksemda avhengig av dei oppgåver og tiltak som blir delegerte, men truleg større påverknad enn ved A/S	Som oftast raskare beslutningsprosess, og mindre påverknad frå partane i den daglege drift

Generelt reknar ein at eit IKS er lite eigna for handtering av risikoprojekt, men er godt eigna til prosjekt med låg risiko.

Ved prosjekt der det også kan bli aktuelt å dele ansvaret med private, er derimot AS det einaste aktuelle av desse to.

Sidan det her er tale om prosjekt med liten risiko, og samarbeid mellom to kommunar, synes eit IKS i utgangspunktet å vere mest aktuelt.

Det meste av den kommunale delen av avfallssektoren er som kjent organisert som IKS (men med nokre få AS, t.d. BIR). Slike selskap vart som ofte stifta på grunnlag av behov for eit felles avfallsanlegg, og der ein såg ein rasjonaliseringsgevinst med innsamling på tvers av kommunegrensene. Sidan er det blitt fleire fordeler ved eit interkommunalt samarbeid.

Innan vann og avløp er interkommunalt samarbeid i dei fleste tilfelle avgrensa til ”grossistverk”, dvs. at samarbeida omfattar felles vassverk, felles avløpsreinsanlegg og interkommunale overføringsleidningar. Døme på dette er IVAR i Stavanger/Jæren, Hias på Hedemarken og MOVAR i Mossregionen. Eigarkommunane eig og forvaltar sine egne lokale forsyningsnett uavhengig av dei andre, sjølv om det er eit visst samarbeid om standardisering av tekniske løysingar, kompetanseheving, innkjøp mv.

I dette tilfelle er det snakk om samarbeid innanfor eit avgrensa geografisk område, og relativt sett låge investeringar. Då verkar stifting av eit eige IKS-selskap med dette som formål som unødig byråkratisk. Sjølv om vedtektene til selskapet kan forenklast vil det framleis vere behov for oppretting av styre og representantskap. Det same gjeld ved oppretting av AS, der det er trong for vedtekter, generalforsamling og styre.

Både Sund og Fjell har skipa kvar sine kommunalt eigde AS for drift av VA i Sund, og VAR i Fjell. Desse selskapa omfattar derimot alle VA-anlegga i kvar av dei to kommunane.

2.2 Samarbeid mellom kommune og private selskap

Vann og avløp er i utgangspunktet ikkje ei lovpålagt teneste, sjølv om kommunen har eit overordna ansvar for dei sanitære tilhøva i kommunen.

På Samnangersida ser ein det som lite sannsynleg at infrastrukturen innan vann og avløp i Eikedalen blir knytt til den andre kommunale infrastrukturen i Samnanger.

Slik sett kan det vere aktuelt at infrastrukturen på Samnanger-sida både når det gjeld investering og drift, vert ivareteke av dei private utbyggingsinteressene. Dette er t.d. tilfellet i hytteområdet i Myrkdalen i Voss kommune. (fleire private selskap for h.v. vatn, avlaup og veg).

Ut frå dette kunne det ha vore aktuelt at interessene til dei private utbyggjarane og Kvam kunne bli samla i eit AS med både offentlege og private eigarar. Då vi er usikre på i kva grad dette er aktuelt, vert eit slikt alternativ ikkje vurdert vidare.

2.3 Samarbeidsavtalar om enkeltanlegg

Erfaringane frå denne typen samarbeid er i hovudsak henta frå Mjøsområdet, der det er "samarbeidsanlegg" både i tettbygde område og i hytteområde. For hytteområde gjeld dette t.d. på grensa mellom Ringsaker og Lillehammer, der m.a. det meste av Sjusjøen med ca. 1500 - 2000 hytter vert forsynt med vatn frå Lillehammer, og der avløpet også vert reinsa i Lillehammer sitt anlegg nede ved Mjøsstranda.

Dei ulike avtalane har i dette distriktet litt ulikt omfang og innhald frå område til område. I Hamar kommune vert det t.d. no gjort eit arbeid med å samordne dei ulike avtalane som dei har med Ringsaker på dei ulike lokalitetane langs kommunegrensa. Hovudprinsippa for avtalane er likevel følgjande:

A: Kommunane definerer først kva delar av leidningsnettet som er til felles nytte. Investeringane vert deretter fordelt etter alternative fordelingsnøklar. For eit stort bustadområde på begge sider av kommunegrensene vert infrastrukturen fordelt etter arealet i reguleringsplanen. Fellesleidninga for vatn og avløp til Nordseter/Sjusjøen vart fordelt etter talet på PE/stipulert vassforbruk på kvar side av kommunegrensa. Ved utbygging av mindre område kan t.d. kostnadene fordelast etter talet på bueningar.

B: Ulike anleggselement, som t.d. pumpestasjonar, trykkaukestasjonar og høgdebasseng vert fordelt etter nytten for dei ulike kommunane, uavhengig av i kva kommune dei er plassert i. I Sjusjøområdet er det t.d. plassert trykkaukestasjon og høgdebasseng på Lillehammer si side av grensa. Desse er likevel berre til nytte for hyttene og overnattingsverksemdene på Ringsakersida, slik at det er Ringsaker som har finansiert stasjonane. Lillehammer er på si side er forplikta til å levere ei viss mengde (l/sek) og eit visst trykk (2 bar) på lavtrykksida av trykkaukestasjonen.

Både for anlegg i kategori A og kategori B vert alle dei økonomiske overføringane kommunane i mellom definert som anleggsbidrag. Dette er visstnok av avgiftstekniske årsaker.

- C: Driftsansvar/tilsyn for anleggselement (i punkt B over) vert i hovudsak fordelt etter same prinsippet som for investeringane. Den delen av strekninga som er definert som "fellesanlegg", får ein av kommunane driftsansvaret, men der den andre kommunen betalar for dette som eit tillegg i kubikkmeterprisen. Utover dette driftar kommunane leidningsanlegga på eiga side av kommunegrensa.
- D: Kjøp av vatn, betaling av avløpsreinsing og drift/vedlikehald av VA-nettet vert fordelt etter ein avtalt kubikkmeterpris. I avtalen mellom Lillehammer og Ringsaker er det eitt målepunkt for vatn og eitt for avløp. Andre stader vert betalinga berre bestemt på grunnlag av drikkevassmengda, og der prisen dekkjer både vann og avløp.
- E: Styring og overvaking av leidningsanlegga vil også vere ein del av ein samarbeidsavtale. Kommunen "nedstrøms" bør heile tida få oppdatert informasjon om drifta av alle viktige anleggsdelar som leverer til kommunen. Det bør også vere klare prosedyrar som gjer at overføringa kan stengast på kort varsel.
- F: Planlegginga og utbygginga av det definerte fellesanlegget vert fordelt mellom kommunane slik det passar i høve til tid, ressursar og kompetanse. Kostnadene ved dette vert fordelt etter same nøkkel som anlegga. Avtalane som regulerer samarbeidet påverkar dei respektive gebyrgrunnlag, og må såleis godkjennast av begge kommunestyre.
- G: Utbygginga av hovudleidningssystemet i dei store hytteområda ved Nordseter/Sjusjøen er til no finansiert ved bruk av dei ordinære tilknytingsavgiftene. Årsavgifta vert betalt på grunnlag av vassmålar, og etter dei same takstane som vanlege abonnentar. Etter kvart som nettet blir utbygd til meir spreidde område vert det vurdert å definere hytteområda som eit eige avgiftsområde.

Relevante erfaringar for den aktuelle problemstillinga er at fordelingsfaktorane bør vere så enkle som mogeleg, og byggje på eit logisk og rettvist grunnlag. Praktiseringa av samarbeidsavtalen bør gå av seg sjølv, og ikkje vere gjenstand for stadige tolkingar.

Ved fastsetjing av faktoren for kr/m³ bør det leggjast vekt på at kommunen nedstraums vert kompensert for alle konkrete ulemper frå starten av. Når ein tek i mot ei viss mengde vatn og avløp frå ein annan kommune, vil dette tære på reservekapasiteten for framtidig vekst i eigen kommune som er bygd inn vassverk og reinseanlegg.

I ein av avtalane har nedstraums kommune ikkje lenger kapasitet til å ta i mot avløpet frå den andre kommunen. Det vert såleis vurdert å gå bort frå avtalen, og heller ta i bruk den ledige kapasiteten som då oppstår til veksten innan eigen

kommune. Den andre kommunen risikerer såleis å måtte etablere ein titals km lang overføringsleidning til eige reinsanlegg på grunn av dette. Det er såleis viktig at ein i tidleg fase ser kva avgrensingar i kapasitet som finst hjå ”nedstraumskommunen”, og at ein i avtalen skisserer korleis ein eventuelt bør løyse slike problem.

2.4 Konklusjon

For unngå unødig byråkrati, tilrår vi førebels at utbygginga slik som i Mjøsområdet baserer seg på samarbeidsavtalar. Vårt inntrykk er at dette er den mest brukte samarbeidsforma for liknande typar anlegg også andre stadar.

I neste punkt vil med dette som utgangspunkt skissere omfanget av ein slik avtale for Eikedalsområdet.

3 Omfang av ein samarbeidsavtale

3.1 Avtalegrunnlag

3.1.1 Inndeling av anlegga i området

Ut frå kartet i figur 2 har vi vurdert korleis dei ulike anleggsdelane bør klassifiserast. Generelt bør ein skilje mellom leidningar og anlegg som tek imot både frå Kvam og Samnanger, og anlegg som berre tek imot vatn og avløp frå Samnangersida.

- Den planlagde hovudleidninga frå dagens endepunkt på Kvamsida og fram til og med der vatn og avløp frå felt HT02 og HT 03 vert knytt til anlegget, bør reknast som fellesanlegg. Vi reknar då med at det på Kvamsida ikkje blir bygd ut fleire hyttefelt nordover eller sørover utover dei som er vist i figur 2.
- Leidningsanlegg på Samnangersida utover dette vert rekna som Samnanger sin eigedom.
- Tilknytingsleidningar ut frå hovudleidninga til felt som er lokalisert på Kvamsida, vert Kvam sin eigedom.
- Den eller dei pumpestasjonane for avløp som vert etablert ved Eikedalsvatnet vert definert som fellesanlegg.
- Andre anleggselement som trykkaukeasjonar, høgdebasseng mv. må vurderast spesielt ut frå kven som har nytte av desse. Dette er uavhengig av lokalisering av anlegga. Dersom begge partar har ein viss nytte, vert også desse definert som fellesanlegg.

3.1.2 Vedtak, formelt grunnlag

Den endelege avtalen må truleg godkjennast av begge kommunestyre. Eventuelt kan kommunestyret gjere vedtak om ein prinsippavtale, der den ferdig avtalen vert inngått på administrativt nivå.

Etter at ein på administrasjonsnivå er samde om hovudprinsippa i samarbeida, bør ein tidleg i prosessen også ”konferere” med dei folkevalde slik at det kan avklarast om ein kan gå vidare eller om alternative modellar bør utgreiast.

3.1.3 Organisering av utbygginga

Ei mogleg løysing er at det vert nedsett ei styringsgruppe med representantar frå begge kommunane. Det er truleg føremålstenleg at ei slik gruppe innanfor ein definert tidsperiode tek ansvaret for planlegging av all VA-infrastruktur i

området, uansett om det er definert som fellesanlegg eller ikkje. Denne gruppa bør ha eit mandat av tilfredsstillande omfang slik at dei kan ha mynde til å bestemme dei tekniske løysingane ut frå eit definert budsjett.

Kven av kommunane som tek seg av den praktiske prosjektleinga kan som nemnt avtalast nærare og frå kva ressursar og kompetanse som er tilgjengeleg.

3.1.4 Organisering av drifta

Kvam driftar i dag dei eksisterande anlegga i Kvamskogen-området. Det kan såleis vere føremålstenleg at Kvam også tek seg av drifta av dei kommunale anlegga på begge sider av grensa i Eikedalsområdet. Arbeidsfordelinga er sjølv sagt avhengig av kva Samnanger har kapasitet til i høve til anlegga på dei- ra side av grensa.

3.2 Fordelinga av kostnader

3.2.1 Fellesanlegg

Fellesleidningane inkludert ein eller to pumpestasjonar ved Eikedalsvatnet, kan fordelast ut frå talet på bueiningar tilknytt anlegga på begge sidene av grensa. Dersom det er planlagt overnattingsverksemdar eller annan verksemd med ein vesentleg belastning, er truleg ei fordeling etter PE mest føremålstenleg.

Dei ulike felte vert truleg bygd ut over ein lengre tidsperiode. Det er såleis eit spørsmål om kva tidsperspektiv som skal leggjast til grunn ved oppteljinga av bueiningar eller PE. Ei rettesnor i så måte er ein bør følgje same tidsperspektiv som belastninga som vert lagt til grunn ved dimensjoneringa av første byggetrinn av pumpestasjonane ved Eikedalsvatnet. Då ein slik framgangsmåte kan gjere at Samnanger ut frå kanskje optimistiske prognosar om utbyggingsomfang må dekkje store delar av kostnadene, bør dette prinsippet vurderast nærare etter at utbyggingsomfang og kostnader er nærare konkretisert.

Eventuelle høgdebasseng og trykkaukestasjonar vert fordelt etter nytte for partane, og sidan fordelt etter dei same prinsippa som for dei andre anlegga.

3.2.2 Drift av fellesanlegg

Dette gjeld drifta av det som partane definerer som fellesanlegg, jf. punkt 3.1.1. Kostnadene kan fordelast etter dei same prinsippa som utbyggingskostnadene.

Grunnlaget for fordelinga skal vere eit eige sjølvkostregnskap for denne aktiviteten. Som alternativ avrekningsmåte kan driftskostnadene inngå som ein del av kubikkmeterprisen, jf. punkt 3.2.4.

3.2.3 Målepunkt

I utgangspunktet vil det være ein skilnad på drikkevassmengdene tilført eit område, og avløpsmengda produsert frå same område. Dette pga. lekkasjar og liknande. Dei mest eksakte verdiane får ein dermed om mengdene drikkevatt og avløp vert målt kvar for seg.

Dette kan gjerast ved å ha ein eigen målekum for vatn nærast mogeleg kommunegrensa. Avløpsmengda kan målast ved vassmålarmontert på pumpeleidninga ved ein av stasjonane ved Eikedalsvatnet.

I den grad desse mengdemålingane også inkluderer vatn og/eller avløp frå felt på Kvam si side av grensa kan Kvam sin av dette fastsetjast på følgjande alternative måtar:

- Installasjon av vassmålarmontert ved kvart tilknytingspunkt for VA-anlegg til Kvam sine felt.
- Summen av registrert vassmålarmontert forbruk frå kvar abonnent innan dei aktuelle utbyggingsfeltene.
- Utrekning av teoretisk mengde på grunnlag av talet på PE eller bueiningar.

Generelt må ønskje om best mogeleg målingar balanserast opp mot kostnadene ved etableringa av målarane, og kva som er praktisk mogeleg.

3.2.4 Overførings- og behandlingarkostnader

Dette er ekstrakostnader for Kvam ved å levere ei viss mengde vatn til abonnentar i Samnanger, og ved å overføre og reinse avløpet frå dei same abonnentane.

I samsvar med prinsippa for sjølvkost er det likevel *ekstrakostnadene* som skal reknast inn, ikkje kostnader som er der uavhengig av ein eventuell avtale med Samnanger. Døme på kostnader som då inngår er:

1. Ekstra behandlingarkostnader ved avløpsreinsanlegget.
2. Ekstra pumpearkostnader for overføring av avløpet frå Eikedalen til reinsanlegget i Norheimsund.
3. Ekstra behandling- og pumpearkostnader ved behandling og overføring av drikkevatt.

Dette vil seie at t.d. kapital- og personalkostnader som uansett vil være der ikkje kan reknast med. Heller ikkje kostnadene ved overføringsnettet bør inngå så lenge leidningane har god nok kapasitet, og overføringa frå Samnanger ikkje gjev ekstra driftarkostnader i form av ekstra tilsyn, spyling eller liknande.

Overføringa frå Samnanger bruker likevel ein del av den reservekapasiteten som Kvam har lagt inn for å ta høgde for ein framtidig vekst i vassmengdene.

Korleis ein slik kompensasjon skal reknast ut må vurderast nærare av Kvam ut frå tilgjengeleg kapasitet på behandlingsanlegg og overføringsnett.

Totalverdien av dei 4 kostnadselementa skal på grunnlag av eit sjølvkostregnskap reknast om til ein verdi i kr/m³. Denne verdien bør vere så representativ at den berre vert gjenstand for årleg indeksregulering på grunnlag av konsumprisindeksen. Då noko av kostnadselementa kan innehalde element av "faste ekstrakostnader" bør det likevel opnast for å justere einingsprisen ut frå registrerte mengder det første året.

3.2.5 Drift av Samnanger sine anlegg

Som nemnt under punkt 3.1.4 kan det vere aktuelt at driftspersonell frå Kvam også tek ansvaret for drifta av Samnanger sitt VA-anlegg i Eikedalen. Betalinga for dette bør også ta utgangspunkt i eit sjølvkostregnskap der Samnanger betaler for ekstra ressursbruk rekna som t.d. årsverk. Dokumenterte utgifter i samband med drifta utover dette vert sjølvsagt overført direkte i samsvar med sjølvkostreglane.

3.2.6 Eventuelt utviding av reinseanlegg i Kvam

Kvam vurderer å oppgradere reinseanlegget sitt i Norheimsund. Eit alternativ er også å byggje eit nytt reinseanlegg som også tek imot avløpet frå Øystese. Ei spørsmålsstilling vil då vere i kva grad Samnanger skal betale ein del av denne utbygginga. Der har vi i utgangspunktet følgjande syn:

- Dersom det er slik at oppgraderinga/nybygginga vil skje uansett om Samnanger vert tilknytt, vil betalinga følgje same prinsipp som nemnt over (punkt 3.2.4), dvs. at Samnanger berre betaler "ekstrakostnadene". Dersom reinseanlegget får ein vesentleg høgare standard slik at ekstrakostnadene vert vesentleg høgare enn ved dagens løysing, må Samnanger varslast om dette så tidleg som mogeleg slik at dei eventuelt kan vurdere ei lokal reinseløysing ved Eikedalsvatnet.
- Dersom ei slik oppgradering er ein direkte følgje av leveransen frå Samnanger, dvs. at Kvam sin reserve kapasitet er såpass liten at leveransen er "dropen som får begeret til å renne over", vil kanskje Kvam kunne hevde at Samnanger lyt betale heile oppgraderinga. I så fall må dette avklarast tidleg, for då er det truleg rimelegast for begge partar at det vert etablert ei lokal reinseløysing i Eikedalen.

3.3 Avgiftsgrunnlag – Gebyr

Skissa til kostnadsfordeling vist over er basert på sjølvkostregnskap, og det bør såleis vere uproblematisk å overføre dei fordelte kostnadene til kvar av kommunane sitt gebyrgrunnlag. Vi har likevel følgjande merknader:

- Utbygginga av infrastruktur på Samnangersida vil bli forholdsvis dyrt både med omsyn til investering og drift, samanlikna med tilsvarande kostnader i

dei sentrale delane av kommunen. Området bør såleis definerast som eit eige avgiftsområde. For Kvam er det på same vis føremålstenleg at avgiftsområdet på Kvamskogen vert utvida til å gjelde heilt fram til kommunegrensa.

- Kvam har i dag ikkje tvungen bruk av vassmålar ved tilknyting til eksisterande bustader. Når det gjeld Eikedalsområdet bør begge kommunar innføre tvungen vassmålar som hovudprinsipp. Dette er fordi kommunane kvar for seg vil ha interesse av at vassforbruket vert minst mogeleg. I nye bygg vil eit slikt påbod vere uproblematisk. Ved tilknyting til eksisterande bygg langs traseen bør ein opne for dispensasjonar dersom kostnadene ved installasjon av vassmålar vert uforholdsmessig høge.

4 Vidare framdrift

Dette notatet bør danne grunnlag for drøfting av vidare samarbeid kommunane i mellom. Dersom begge partar er samde om at prinsippa skissert over er eit interessant utgangspunkt, bør ein så snart som mogeleg lage eit VA-teknisk skisseprosjekt for omfanget av utbygginga i området. I tillegg til omfanget av utbygginga, bør prosjektet også inkludere ei vurdering av ekstrabelastninga for Kvam sine eksisterande anlegg i høve avløpsreinsing, vassproduksjon og overføring.

Dette prosjektet vil synleggjere kostnadene, og dermed gje eit grunnlag for å skissere ei kostnadsfordeling basert på prinsippa over. Ei slik konkretisering vil vere viktig både for eigne vurderingar, og når ein sender ei avtaleskisse til politisk uttale i kvar av kommunane.

Dersom det vert gjeve ei politiske prinsippgodkjenning bør ein starte arbeidet med å detaljere ein samarbeidsavtale.